Tidlegare tok kommunen opp låna i si låneportefølgje til kyrkjelege investeringar. Med endringa i kyrkjelovgjevinga skal Kyrkja som sjølvstendig juridisk og økonomisk eining sjølv stå for låna. Kommunen sitt økonomiske ansvar vert ivareteke gjennom årleg løyving som skal dekkje opp drift og kapitalutgifter knytt til den lovpålagde krav til tenesta. I realiteten er det ikkje endringar i økonomisk risiko for kommunen i høve den gamle ordninga der kommunen tok opp lånet og den nye ordninga der kommunen i staden garanterer for lånet.

## Beredskapsmessige konsekvensar:
Ingen

## Vurdering og konklusjon:
Kostnadane ved renter og avdrag på låna til Kyrkjeleg fellesråd vert finansiert gjennom årlege investeringstilskot frå Volda kommune. Frå 2016 disponerer rådet inntil kr. 800.000,- pr. år i kommunalt investeringstilskot.

Sist saka var oppe vurderte rådmannen det slik at føresetnaden for låneopptaket  er fylgt opp for økonomiplanperioden gjennom kommunestyret sitt vedtak. Med lågare låneopptak no enn det som då var føresett (sak PS 31/16), er det etter rådmannen sitt syn ikkje grunnlag  for å drøfte det på nytt.

I det rådmannen syner til utførleg vurdering og konklusjonen i sak PS 31/16 har eg ikkje noko meir å merke til denne saka.

Eg rår til at kommunen stiller omsøkt sjølvskyldnarkausjon, men minner om at dette kan skje berre dersom Fylkesmannen godkjenner det.

| | |
|---|---|
| Rune Sjurgard<br>Rådmann | Asbjørn Moltudal<br>Rådgjevar |

**Utskrift av endeleg vedtak:**
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Fylkeshuset,
6404 Molde
Volda kyrkjelege fellesråd
Boks 17, 6101 Volda
Økonomiavdelinga

DEN NORSKE KYRKJA
Volda kyrkjelege fellesråd

Postboks 17
6101 Volda
Tlf: 70074090
epost: kyrkjeverja@volda.kyrkja

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda
Att: Asbjørn Moltudal

Volda 08.09.2016
Vår sakshandsamar: JS
Vår ref.: 16/00001-003
Arkivkode: 163

## Søknad om kommunal garanti - lån til tiltak på kyrkjebygga

Eg viser til fellesrådet sin søknad om kommunal garanti av 22.02.2016, kommunestyret sitt vedtak i sak 31/16 den 31.03.2015 og Fylkesmannen sitt svar på godkjenning av kommunal garanti av 14.06.2016.

Som de er kjend med godkjende Fylkesmannen kommunal garanti til ei samla låneramme på kr.1.750.000 til tiltak på gravplassane.

Kommunal garanti til lån, med ei samla ramme på kr. 3.250.000, til sju tiltak på kyrkjebygga vart ikkje godkjend. Bakgrunnen for avslaget at tre av tiltaka vi planla å lånefinansiere vart rekna som ordinært vedlikehald. Dei fire andre tiltaka reknar vi med er å sjå på som investering slik at Fylkesmannen kan godkjenne kommunal garanti for lån til desse.

Dette gjeld følgjande fire tiltak:

| Bygg | Bygningsdal | Tiltak | Beløp | Økonomisk levetid | Vekta levetid |
|---|---|---|---|---|---|
| Volda kyrkje | Ringeautomatikk | Fornying ringeautomatikk | 125 000 | 40 år | 3,1 år |
| Dalsfjord kyrkje | Hovudinngang | Ny tilkomst for brukarar med funksjonsh. | 100 000 | 40 år | 2,5 år |
| Kyrkjebygg | Brannalarm | Fornying alarmanlegg | 250 000 | 15 år | 2,3 år |
| Volda kyrkje | Orgel | Rehabilitering hovudorgel- del 1 | 1 150 000 | 40 år | 28,3 år |
| | | Sum tiltak | 1 625 000 | **Snitt levetid:** | **36,2 år** |
| | | Reservepost | 65 000 | | |
| | | **Totalt** | **1 690 000** | | |

Ut frå vekta levetid er aktuell nedbetalingstid 36 år. Garantibeløp og garantibeløp vert då kr.1.690.000 med tillegg av 10% i 36 år med tillegg av 2 år.

22. august 2016 handsama fellesrådet sak *VKF 23/2016 Låneopptak og investering i 2016* og gjorde følgjande vedtak om finansiering av desse tiltaka:

> *Fellesrådet søkjer Volda kommune om kommunal garanti på eit lån på 1.690.000 til investeringstiltak på kyrkjebygga.*

Eg derfor ber om at Volda kommune gjer naudsynte garantivedtak og søkjer Fylkesmannen om godkjenning slik at vi kjem vidare med investeringstiltaka.

Venleg helsing

Jostein Stråbø
kyrkjeverje

**FYLKESMANNEN**
**I MØRE OG ROMSDAL**

Saksbehandlar, innvalstelefon
fagkoordinator Martin Gjendem Mortensen, 71 25 84 40

| Vår dato | Vår ref. |
|---|---|
| 14.06.2016 | 2016/2028/MAMO/334 |
| Dykkar dato | Dykkar ref. |
| 11.05.2016 | 2013/760 |

Volda kommune

VOLDA KOMMUNE
Saksnr. 2013/1863 Avd. PKO
Løpenr. Sbh. HSK
15 JUN 2016
Arkivdel: Emne2
Klassering P: 256
Klassering S:

## Volda kommune - Kommunal garanti - Kyrkjelege investeringar 2016

Viser til søknad om å få stille kommunal garanti ovanfor Volda kyrkjelege Fellesråd frå 4. april i år, samt utfyllande opplysningar i oversendinga datert 10. mai.

Fylkesmannen godkjenner at kommunen stiller ein garanti ovanfor Volda kyrkjelege fellesråd på 1 750 000 kroner.

Fylkesmannen godkjenner ikkje at kommunen stiller ein garanti til Volda kyrkjelege fellesråd på 3 250 000 kroner.

**Fylkesmannen sine merknadar**
Fylkesmannen skal godkjenne kommunale garantiar, jf kommunelova § 51 og rundskriv H-8/01 frå Kommunal- og regionaldepartementet (no Kommunal- og moderniseringsdepartementet). Godkjenninga av eit vedtak inneberer både ein lovlegkontroll av vedtaket og ein kontroll av hensiktsmessigheita, eller realiteten i vedtaket. Fylkesmannen har mynde til å nekte godkjenning dersom vilkåra i lova er brutt.

Kommunestyret i Volda fatta følgjande vedtak den 31. mars i år, sak 31/16:

*«Under føresetnad av Fylkesmannen si godkjenning gir Volda kommune Volda kyrkjelege fellesråd ein sjølvskyldnarkausjon for ei låneramme inntil kr. 5.000.000 -, med tillegg av 10%, med tillegg av inntil 2 år. Låneramma skal nyttast til investeringar slik det går fram av søknaden frå Volda kyrkjelege Fellesråd d.s. 22.02.2016.*

*Låneramma og garantiane vert fordelt slik:*
- *Lån kr. 3.250.000,- med tillegg av 10% i 25 år med tillegg av inntil 2 år.*
- *Lån kr. 1.750.000,- med tillegg av 10% i 38 år med tillegg av inntil 2 år.*

*Garantiansvaret vert å redusere i takt med nedbetaling på låna.»*

Garantien for lånet på 3 250 000 kroner er føreset til:

| Bygg | Bygningsdel | Tiltak | Beløp |
|---|---|---|---|
| Volda kyrkje | Tårnur | Forgylling tal og visarar | 500 000 |
| Volda kyrkje | Ringeautomatikk | Fornying ringeautomatikk | 125 000 |
| Volda kyrkje | Yttervegger tårn | Måling og reperasjon | 500 000 |
| Austefjord kyrkje | Ytterveggar og tårn | Måling | 500 000 |
| Dalsfjord kyrkje | Hovudinngang | Ny tilkomst for brukarar med funksjonshemming | 100 000 |
| Kyrkjebygg | Brannalarm | Fornying alarmanlegg | 250 000 |
| Volda kyrkje | Orgel | Rehabilitering hovudorgel- del 1 | 1 150 000 |
| | | Reservepost | 125 000 |
| | | **Totalt** | **3 250 000** |

Garantien for lånet på 1 750 000 kroner er føreset til:

| Kyrkjegard | Element | Tiltak | Kapital |
|---|---|---|---|
| Dalsfjord | Omregulering | Restfinansiering og sluttføring | 970 000 |
| Kyrkjegardar | Planar | Planlegging utviding Leirshaugen gravplass | 250 000 |
| Leirshaugen gravplass | Gravplan | Etablere urnelund Leirshaugen gravplass | 250 000 |
| Lid Gravplass | Utviding + P-areal | Kjøpe grunn og etablere P-plass | 250 000 |
| | | Resevepost | 30 000 |
| | | **Totalt** | **1 750 000** |

Fylkesmannen skal i hovudsak vurdere to moment i høve til godkjenning av kommunale garantiar. For det første skal fylkesmannen vurdere om verksemda som tek opp lånet driv næring. Fylkesmannen kjem til at det ikkje er snakk om næringsverksemd i denne saka.

Det andre fylkesmannen skal ta stilling til, er om reglane knytt til garantiar er oppfylt, jf kommunelova § 51 nr 3 og tilhøyrande forskrift. I forskrifta går det mellom anna fram av § 3 at «[v]ed garantier knyttet til investeringer skal garantiens varighet ikkje overstige investeringsobjektets levetid.» Påfølgjande avsnitt seier at «[v]ed garantier for driftsutgifter skal garantitiden settes så kort som mulig.»

Fylkesmannen kan godkjenne garantien for lånet på 1 750 000 kroner under føresetnad av at dei 30 000 kronene som er avsett til «reservepost» blir nytta til investeringar som ikkje reduserer levetida til investeringane for det lånet totalt sett.

For garantien på 3 250 000 kroner finn fylkesmannen at det er satt for lang lengde på garantitida. Fylkesmannen etterspurte ei nærare vurdering av levetida for nokre av tiltaka i denne garantien i brev frå 25. april i år. Kommunen svarte mellom anna følgjande den 11. mai i år:

Følgjande tiltak er ikkje opplagt å rekne som påkosting/nyanlegg, men ligg nærare vedlikehaldstiltak:

| Bygg | Bygningsdel | Tiltak | Beløp | Økonomisk levetid | Vektet levetid |
|---|---|---|---|---|---|
| Volda kyrkje | Tårnur | Forgylling tal og visarar | 500 000 | 25 år | 3,8 år |
| Volda kyrkje | Yttervegger tårn | Måling og reperasjon | 500 000 | 15 år | 2,3 år |
| Austefjord kyrkje | Ytterveggar og tårn | Måling | 500 000 | 15 år | 2,3 år |

Fylkesmannen kjem til same konklusjon. Som nemnt i brevet vårt frå 25. april i år, er ikkje kommunane avskore frå å stille garantiar til driftsutgifter, men garantiar til slike utgifter må bli satt «så kort som mulig», jf garantiforskrifta § 3. Tidlegare var det satt maksimalt eitt år for slikte utgifter, utan at det går eksplisitt fram av gjeldande forskrift. Det kan likevel vere grunn til å ta utgangspunkt i ein slik tidshorisont for driftsutgifter.

På bakgrunn av dette kan ikkje fylkesmannen godkjenne garantilengda for garantien på 3 250 000 kroner.

Om ønskjeleg, kan kommunestyret ta stilling kva det skal bli garantert for og lengde på garantien for garantien på 3 250 000 kroner på nytt, og sende saka til ny vurdering.

**Vedtak**
Med heimel i § 51 nr. 1 i kommunelova og rundskriv H-8/01 frå Kommunal- og regionaldepartementet (no Kommunal- og moderniseringsdepartementet, godkjenner fylkesmannen vedtak i kommunestyret frå 31. mars i år, sak 31/16, om å garantere for eit lån til Volda kyrkjelege fellesråd.

Lånet skal finansiere:

| Kyrkjegard | Element | Tiltak | Kapital |
|---|---|---|---|
| Dalsfjord | Omregulering | Restfinansiering og sluttføring | 970 000 |
| Kyrkjegardar | Planar | Planlegging utviding Leirshaugen gravplass | 250 000 |
| Leirshaugen gravplass | Gravplan | Etablere urnelund Leirshaugen gravplass | 250 000 |
| Lid Gravplass | Utviding + P-areal | Kjøpe grunn og etablere P-plass | 250 000 |
| | | Resevepost | 30 000 |
| | | **Totalt** | **1 750 000** |

Kommunen sitt garantiansvar gjeld hovudstol pålydande 1 750 000 kroner, med tillegg av 10 pst av til kvar tid gjeldande hovudstol. Kommunen sitt maksimale ansvar er på 1 925 000 kroner.

Garantien vert godkjent som sjølvskuldnar kausjon.

Kommunen sitt garantiansvar skal reduserast gradvis i samsvar med føresett nedbetaling av lånet over 38 år, med eit tillegg to år. Garantien fell i sin heilheit vekk etter 40 år.

Det er eit vilkår for godkjenninga at det ikkje vert utbetalt utbytte frå verksemda.

Med heimel i § 51 nr. 1 i kommunelova og rundskriv H-8/01 frå Kommunal- og regionaldepartementet (no Kommunal- og moderniseringsdepartementet, godkjenner ikkje fylkesmannen vedtak i kommunestyret frå 31. mars i år, sak 31/16, om å garantere for eit lån på 3 250 000 kroner til Volda kyrkjelege fellesråd.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
ass. fylkesmann

Martin Gjendem Mortensen

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Kopi:

| | | | |
|---|---|---|---|
| Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS | Bjørndalsveien 10 | 6065 | ULSTEINVIK |

**Handsaming:**

Det vart halde synfaring.

Odd A. Folkestad kom med slikt framlegg:

*Den bustadsosiale sida av saka må utgreiiast betre, og formannskapet ber såleis rådmannen om å leggje fram ei sak der dette blir fagleg vurdert.*

Jørgen Amdam reiste spørsmål om habilitet, han er nabo til området, jf fvl. § 6, 2. ledd. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet:
Jørgen Amdam vart samrøystes kjent habil.

Jørgen Amdam tok sete.

Røysting utsetjingsframlegget frå Odd A. Folkestad:

Utsetjingsframlegget frå Odd A. Folkestad fekk to røyster (Odd A. Folkestad og Anders Straume) og fall, sju røysta imot.

**Røysting** (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen fekk sju røyster og vart vedteken, to røysta imot (Odd A. Folkestad og Anders Straume).

**Tilråding i formannskapet - 18.10.2016 til kommunestyret:**

1. ***Kommunestyret godkjenner flytting av 4 mellombelse bustader i Engesetvegen 28 (ved Gamle gymnas) for re-etablering på kommunal tomt i Smalebakken/ Røyslidvegen.***

2. ***Samla kostnad til flytting og oppattbygging er rekna til kr 3 750 000 inkl mva. og vert finansiert ved momkompensasjon kr 450.000 (del kommunal bustad 60%) og låneopptak kr 3.300.000.***
   ***Kapitalkostnadene er planlagt dekt ved auka leigeinntekter. Prosjektet vert å innarbeide i komande budsjett og økonomiplan med desse føresetnadene.***

**VOLDA KOMMUNE**

# SAKSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Kjell Magne Rindal | Arkivsak nr.: | 2016/1422 |
| | | Arkivkode: | |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 185/16 | Formannskapet | 18.10.2016 |
| 125/16 | Kommunestyret | 27.10.2016 |

## MIDLERTIDIGE BUSTADAR ENGESETVEGEN 28, FJERNING, REETABLERING OG TILORDNING AV TOMT

**Administrasjonen si tilråding:**

1. **Kommunestyret godkjenner flytting av 4 mellombelse bustader i Engesetvegen 28 (ved Gamle gymnas) for re-etablering på kommunal tomt i Smalebakken/ Røyslidvegen.**

2. **Samla kostnad til flytting og oppattbygging er rekna til kr 3 750 000 inkl mva. og vert finansiert ved momkompensasjon kr 450.000 (del kommunal bustad 60%) og låneopptak kr 3.300.000.**
   **Kapitalkostnadene er planlagt dekt ved auka leigeinntekter. Prosjektet vert å innarbeide i komande budsjett og økonomiplan med desse føresetnadene.**

**Samandrag av saka:**
Saka omhandlar flytting av mellombelse bustader i Engesetvegen 28 (ved Gamle gymnas) og re-etablering av desse bustadene på kommunal tomt i Smalebakken/Røyslidvegen. Tiltaket vil dekkje behov for bustader til ulike målgrupper.

**Saksopplysningar:**
I 2013 vart det etablert midlertidige husvære i Engesetvegen 28 (tomt ved Gamle gymnas), etter vedtak i KS 25.10.2012, sak 133/12. Etter akutt behov ved avvikling av husværa VK leigde av helseføretaket. Helseføretaket melde at husværa var oppsagt med verknad frå 1. april 2013.

Kommunen v/eigedomsavdelinga søkte midlertidig dispensasjon for inntil 5 år for å plassere paviljong på tomt 18/22 og litt inn på18/14. Området er regulert til småhusbygging. For å redusere omfang av bygget vart det redusert frå 6 til 4 bueiningar.

Volda kommune gav den 12.02.13, under sak nr. 23/13, mellombels dispensasjon i inntil 5 år for plassering av midlertidige husvære på gnr. 18 bnr. 22. Vedtaket vart påklaga, og den 04.07.13 stadfesta fylkesmannen kommunen sitt vedtak, med den endring at dispensasjon vart gitt for inntil 3 år.

Dispensasjonen gikk ut på førsommaren (2016). Det har vore arbeidd med alternative bustadtilbod til bebuarane. Alle bebuarar i paviljongen er flytta ut, slik at kommunen ikkje lenger har buande personar no etter at dispensasjonen er gått ut.

Kommunen har over tid arbeidd med løysingar knytt til sal/etterbruk av dei midlertidige bustadane. Slik bustadane står i dag, har dei større verdi med re-etablering i eit anna område der dei kan gjerast om til ordinære kommunale gjennomgangsbustadar. Eit eventuelt sal av desse bustadene vil gi ei lita inntekt i forhold til bruksverdien ved re-etablering. Husværa er av ein slik art at dei stettar eit bustadtilbod for midlertidige bustadar som kommunen ikkje har pr. i dag. Dette er mellomstore bustadar som til dømes passar einslig føresett med born. I dag har vi store familiehusvære eller hybelleilegheit å tilby desse. Kostnadsnivået for utleige vil også då bli betre tilpassa til den enkelte bugruppa.

Målgruppa for paviljongane som vart etablert som midlertidige bustader ved Maurtua vil i hovudsak verte kvalifisert som bebuarar i dei nye vedtekne ROP bustadane (rus og psykiatri) som er planlagt bygt på Rotset. Bruken av paviljongane har medført at husværa må totalrenoverast innvendig. Eigedomsavdelinga sine eigne folk har starta opp rivingsarbeidet innvendig. Dersom dette prosjektet vil bli vedteke vil dei også starte med oppattbygginga.

Paviljongane er tenkt plassert på egna tomt i tilknytning til Røyslida/Smalebakken, der kommunen har ledig tom til føremålet. Tømrararane i eigedomsavdelinga vil setje desse i stand tilpassa til mellomstore bustader som vi ikkje har i dag. Bustadane vil i første rekke bli brukt som erstatning for dei bustadane vi tenkjer renovert i området inntil renovering/oppgradering er ferdig. Etter ferdigstilling vil dei gå inn i ordinær bustadmasse. I samband med renovering vil uttrykket til paviljongen endrast lik dei bygga som er i området, slik at bygget framstår som ein ordinær bustad.

Kostnader med reetablering av dei mellombelse bustadene
Arbeid med tilbakeføring av området i Engesetvegen 28, etablering av tomt/tilkomst i Røyslida og flytting/rigg av paviljong er kalkulert til Kr 1.750.000 ink.mva

Sanering innvendig i paviljong, samt oppbygging på nytt, inkludert søknad og prosjektoppfølging er kostnadsrekna til Kr. 2.000.000 ink. mva

Samla gir dette ein investeringskostnad på Kr 3.750.000. Denne investeringa vil ved 3% rente og 30 år nedbetalingstid har ein kapitalkostnad (renter og avdrag) på om lag Kr 190.000 pr. år.

Bustadane blir etablert som standar kommunale gjennomgangsbustadar, men då i eit segment vi ikkje har i dag. Dette vil gi kommunen ei forsiktig antatt inntekt på om lag Kr. 250.000 pr. år.

Vidare planar
Eigedomsavdelinga vil forberede eit prosjekt der ein ynskjer å renovere heile Røyslida/Smalebakken. Dette er bustader frå tidleg 70-tal med behov for stor renovering. I Røyslida 11 A er dette gjennomført i samband med brannskade. Renovering av bustadane opnar opp moglegheiter for nytenkjande og arealeffektiv planløysing. Dette vil auke kapasiteten på husvære innanfor same tal bygningar. Kommunen vil i samband med prosjektet stette krav til levekår og inkludering der ein vil legge til rette for at personar med ulik fysiske og psykiske utfordingar kan busetjast i same miljø. Dette krev omgjering av alt husvære og uteområde til universell utforming. I planane som blir presentert vil ein ta høgde for tryggleik og trivsel der ulike bugrupper skal kunne bu og trivast i same miljø. Det blir lagt fokus på sosiale møteplassar på eit oversiktlig område for vanskeligstilte som har rett på kommuanalt husvære. Svært liten del av dei kommunale gjennomgangsbustadene til desse gruppene er tilrettelagt for dette i dag. Prosjektet vil såleis bere karakter av at kommunen satsar på folkehelseperspektivet i tråd med kommuneplanen. Administrasjonen vil komme attende med eiga sak til formannskapet og kommunestyret om dei vidare planane. Dette vert vidare vurdert i samband med budsjett og økonomiplan.

Bustadsosial handlingsplan er under revisjon og vert å leggje fram så snart som mogleg. Det er naturleg også å kople vidare utbyggingsplanar til bustadsosial handlingsplan.

Eigedomsavdelinga er også i gang med å vurdere om det er bustader som kan vere eigna for sal for å frigjere kapital til renovering av den bustadmassen kommunen skal ha framover.

**Vurdering og konklusjon:**

Paviljongane som vart etablert på Maurtua var av midlertidig karakter med dispensasjon frå fylkesmannen på 3 år. Kommunen har flytta ut alle bebuarar etter 3 års drift. I dispensasjonen var det krav til at bygget skal fjernast og tomt attendeførast. Administrasjonen har sett på alternativ med sal av paviljongen, men funne det mest gunstig å etablere bygget som ordinær kommunal bustad på ledig tomt i Smalebakken/Røyslidvegen-området. Vurderinga er basert på økonomi og formål. Paviljongane vil ha eit stort verditap ved sal på den opne marknaden, medan kommunen kan nytte dei og framleis behalde dei som bustader for å dekkje bustaformål til grupper som kommunen er ansvarleg å skaffe bustader til.

Attendeføring av tomt på Maurtua og flytting av paviljong til ledig tomt i Smalebakken/Røyslidvegen vurderer rådmannen som ei tenleg løysing der ein får nytta bustadane/paviljongane og samtidig dekkje eit behov for bustader.

**Kommuneplanen:**
Prosjektet er i tråd med kommuneplanen sitt område for folkehelse og vil være ein del av prosjektet i området som bidreg til å nå målet «barn og unge i Volda skal ha eit oppvekstmiljø som motverkar psykiske vanskar og andre livsstilsjukdomar», der ein av strategiane er å sørgje for sunne og inkluderande oppvekstmiljø.

Kommunen viser også at sjølv med innvendig sanering kan vi gjere oss nytte av store delar av byggmasse framfor total sanering, der kommunen sitt mål for auka attvinning og avfall frå hushald og næringsliv ikkje skal auke meir enn snittet for landet. Kommunen viser veg for alternativ måte å bruke oppatt materiale, der ein tilpassar bygget til byggeskikk i området for re etableringa.

**Økonomiske konsekvensar:**
Kommunen vil gjennomføre naudsynt krav knytt til dispensasjon midlertidige bustadar, der ein uansett har kostnad med gjennomføring, men vil kunne nytte restverdi i tidligare investering som med noko tilrettelegging kan gi grunnlag for ny inntekt.

Dette prosjektet har ei kostnadskalkyle på Kr 3.750.000. Prosjektet har eit forsiktig anslått leigepotensiale på om lag Kr 250.000 pr. år.

Leigeinntekta skal kunne forvalte ei investering på om lag Kr. 5.000.000, prosjektet vil såleis ikkje påvereke handlingsrommet til kommunen negativt.

**Beredskapsmessige konsekvensar:**
Ingen krav beredskapsmessige konsekvensar.

Rune Sjurgard
Rådmann

Kjell Magne Rindal
eigedomssjef

**Utskrift av endeleg vedtak:**
Eigedomssjefen for vidare oppfølging
Økonomiavdelinga
Helse- og omsorgssjefen

**Handsaming:**

Formannskapet drøfta saka, og bad om ei orientering om utviklingsplanar for området på neste formannskapsmøte, samt at det vert halde synfaring.

Gunnar Strøm kom med framlegg om å stryke omsorg i siste ord i punkt 1.

**Røysting** (ni røysteføre):

Tilråding frå administrasjonen, med endring frå Gunnar Strøm, vart samrøystes vedteken.

**Tilråding i formannskapet - 04.10.2016 til kommunestyret:**

***1. Kommunestyret godkjenner samarbeidstiltaket i samarbeid med VØR for å etablere ei meir miljøvenleg avfallsordning for 6 lokasjonar i tilknytning til kommunale bustader.***

***2. Kommunen sin eigenandel er rekna til kr 970 000 ink mva. Kostnaden vert dekt ved låneopptak. Kapitalkostnadene er stipulert til kr 50 000 i året og vert å innarbeide i komande budsjett og økonomiplan.***

***3. Finansiering:***

| | |
|---|---|
| ***Momskompensasjon (del kommunal bustad 60%)*** | ***Kr 116.400*** |
| ***Låneopptak*** | ***Kr 853.600*** |

**VOLDA KOMMUNE**

# SAKSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Kjell Magne Rindal | Arkivsak nr.: | 2016/1395 |
| | | Arkivkode: | |

| **Utvalsaksnr** | **Utval** | **Møtedato** |
|---|---|---|
| 177/16 | Formannskapet | 04.10.2016 |
| 126/16 | Kommunestyret | 27.10.2016 |

## NY RENOVASJONSORDNING KOMMUNALE UTLEIGE BYGG

**Administrasjonen si tilråding:**

**1. Kommunestyret godkjenner samarbeidstiltaket i samarbeid med VØR for å etablere ei meir miljøvenleg avfallsordning for 6 lokasjonar i tilknytning til kommunale omsorgsbustader.**

**2. Kommunen sin eigenandel er rekna til kr 970 000 ink mva. Kostnaden vert dekt ved låneopptak. Kapitalkostnadene er stipulert til kr 50 000 i året og vert å innarbeide i komande budsjett og økonomiplan.**

**3. Finansiering:**

| | |
|---|---|
| **Momskompensasjon (del kommunal bustad 60%)** | **Kr 116.400** |
| **Låneopptak** | **Kr 853.600** |

**Vedleggsliste:**

**Uprenta saksvedlegg:**

**Saksopplysningar:**
Renovasjonsordninga vart lagt om 01.01.2016, det vart krav til ny kjeldesortering og restavfall med henting kvar 14 dag. Innføringa vart gjort samstundes hjå alle private husstandar også kommunale gjennomgangsbustadar.

Der er gitte kriterier for å få tildelt kommunal gjennomgangsbustad, samla sett er det personar som ofte er vanskeligstilt på bustadmarknaden med ein eller fleire utfordringar som fysiske/psykisk helse, rus, førstegongs bebuarar (asylsøkarar/innvandrarar)

Kjeldesortering/avfall handtering er utfordrande, ein kan ikkje forvente eller legge krav til mestring av dette i gjennomgangsbustadane. Med mykje hjelp over tid vil nok enkelte bli sett i stand til å kunne gjennomføre dette sjølve, men då er ein truleg over i eigen bustad eller inn på den private utleigemarknaden. Då kjem nye personar inn med same utfordring, så avfallshandtering vil alltid være ei stor utfordring i kommunal gjennomgangsbustad.

Etter innføring av ny ordning har det vore store avvik knytt til avfall i alle gjennomgangsbustadane. Dette er avvik knytt til overfylte dunkar, avfall som ligg i gatene, skadedyr (kakelakk), fare for andre skadedyr. Det har vore svært sjenerande for naboar som har ført til klager.

Som akutt tiltak har eigedomsavdelinga sett ein person til å reise rundt å ta med seg avfall som ligg rundt bustadane og i overfylte dunkar, der det blir kjørt til VØR som restavfall. Dette er sjølvsagt ikkje ei langsiktig løysing.

Med mange gjennomgangsbustader i same område vil det å auke tal dunkar føre til visuell forsøpling, samt utfordringar med trafikk der det er uoversiktleg for små barn og farlege situasjonar i samband med blant anna brøyting. Kommuneplanen peikar også på at kommunen skal sikre eit estetisk og trafikalt fungerande sentrum.

Eigedom har gjennomført møte med VØR for vurdering av situasjonen og finne ordningar som kan løyse problematikken vi står ovanfor. Det er vurdert slik at for å løyse den samansette utfordringa ein vil ha i framtida, så må ein tenkje heilt nytt med avfall i desse områda. VØR har eit system med nedgravne avfallscontainarar der ein kan etablere ein stasjon for kvart område. Dette løyser utfordingane på både kort og lang sikt der ein har ein stasjon for fleire bygg samla på ein stad. Utforminga vil være estetisk i område, sikre tilgang med tanke på universell utforming og trygge trafikken. Slik VØR ser det er det ein klar fordel at vi har fleire bygg i område som er tilknytt denne løysinga og Volda vil såleis være eit godt prosjekt å få prøvd ut denne løysinga.

VØR ynskjer å prøve dette ut på 6 område i Volda kommune. Til saman vil dette samla bety at VØR investerer ca Kr 1.500.000 på sjølve løysinga. Volda kommune må sjølve gjennomføre arbeid med graving, tilkomst og ordne til rundt dei nedgravne løysingane. Dette er estimert til ein kostnad på Kr 970.000 ink. mva samla for alle 6 lokasjonane.

Alternativet til denne løysinga vil være å auke drastisk tal dunkar som skal stå framme til ei kvar tid, samt at dei ulike tenestene som arbeidar med personar i kommunale gjennomgangsbustadar må arbeide aktivt og oppsøke plassane for å sørgje for at rett dunk blir satt fram til rett tid. Samla sett vil dette over tid være ein stor kostnad for kommunen. Kapitalkostnad på investering kr 970.000 er om lag kr 50.000 pr. år (rente og avdrag) ved 3% rente og 30 års avdragstid. Dette er ein relativt låg kostnad sett mot auka driftskostnad med fleire abbonement/dunkar og handtering av desse. Spesielt gunstig er det når VØR ser dette som eit pilotprosjekt og går inn med over 60% av samla finansiering.

**Vurdering og konklusjon:**
Det er vurdert slik at etablering av avfallfraksjonar vil betre trafikktryggleiken i området dette blir etablert. Slik det er i dag har vi utfordringar med brøyting og uoversiktlig trafikkbilde med mange born som ferdast i området. Manglande kjeldesortering og krevjande

brukarar kan føre til problematikk med skadedyr, overfylte dunkar og avfall liggande på bakken er visuelt forsøplande, samstundes ei potensiell utfordring for helse. Ein vil unngå forureining og miljøet kring dei kommunale gjennomgangsbustadane vil løfta.

**Kommunepolan/Helse og miljøkonsekvensar/folkehelse:**
Ved etablering av tiltaket vil ein unngå forureining med avfall i nærområdet, sikre godt trafikkbile og unngå potensiell helsefare for personar som bur/oppheld seg kring bustadane. Dette er eit tiltak som fell inn under målsettingane og strategiane i samfunnsdelen knytt til folkehelse, miljø og trivsel i sentrum.

**Økonomiske konsekvensar:**
Som eit pilotprosjekt vil VØR gå inn med om lag 60% av investeringskostnaden i prosjektet, dette inneber at dei står for framskaffing av sjølve løysinga. Kommunen sin del blir etablering av fraksjonane. Arbeidet med dette er kostnad rekna til Kr. 970.000 ink. mva

| | |
|---|---|
| Rune Sjurgard | Kjell Magne Rindal |
| Rådmann | eigedomssjef |

**Utskrift av endeleg vedtak:**

**Handsaming:**

Saka vart ettersendt til formannskapet 17. oktober 2016.

**Røysting** (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

**Tilråding i formannskapet - 18.10.2016 til kommunestyret:**

1. ***Kommunestyret syner til saksutgreiinga og godkjenner at det vert skrive kontrakt for å starte opp bygginga av ROP-bustader innanfor ein kostnadsramme på kr 23 mill inkl mva.***

2. ***Prosjektet ligg innanfor planlagt finansiering i budsjett og økonomiplanen 2016 - 2019 og vert følgt opp i samband med handsaminga av budsjett 2017.***

# VOLDA KOMMUNE

# SAKSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Rune Sjurgard | Arkivsak nr.: | 2016/520 |
| | | Arkivkode: | 614 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 194/16 | Formannskapet | 18.10.2016 |
| 127/16 | Kommunestyret | 27.10.2016 |

## ROP-BUSTADER - OPPSTART AV BYGGING

**Administrasjonen si tilråding:**

1. **Kommunestyret syner til saksutgreiinga og godkjenner at det vert skrive kontrakt for å starte opp bygginga av ROP-bustader innanfor ein kostnadsramme på kr 23 mill inkl mva.**

2. **Prosjektet ligg innanfor planlagt finansiering i budsjett og økonomiplanen 2016 - 2019 og vert følgt opp i samband med handsaminga av budsjett 2017.**

**Saksopplysningar/fakta:**

ROP-bustadar er eit prosjekt med 7 leilegheiter/bueiningar tilrettelagt for personar med rusmisbruk og personar med psykiske lidingar. Prosjektet omfattar også felleshus med administrasjon, samt uteboder, søppelhus og eit mindre uteområde. ROP-bustadane skal byggjast på Rotset, Myravegen 35, i randsona av eksisterande byggjefelt tett til E39.

I samband med planlegging av budsjett og økonomiplan for 2016-2019 vart det avsett kr 24 mill inkl mva fordelt på 12 mill i 2016 og 12 mill i 2017 til dette prosjektet.

Prosjektet vart lagt ut på anbod med tilbodsfrist 19.09.2016. Seks tilbod vart evaluerte. Når innkomne tilbod no er evaluert kjem det fram at total prosjektkostnad (inkludert uforutsett, interne kostnadar mm.) Vil prosjektet kome på om lag Kr 23.000.000 inkl. mva. Årets ramme vil være tilstrekkelig for å starte opp prosjektet, føresetnad for inngåing av kontrakt er at kommunestyret godkjenner full finansiering i samband med kommande budsjett og økonomiplan.

**Kommuneplanen:**

**Tema: Busetting**
***MÅL:***
*Folk skal kunne bu heime så lenge dei kan og kommunen skal medverke til at alle får tilbod om bustad.*
***STRATEGIAR:***
*▯ Jobbe førebyggande, styrke kvardagsrehabilitering og tilby tenestene på lågast mogleg og rett nivå i omsorgstrappa, uansett kvar ein bur i kommunen.*
*▯ Vidareutvikle gode dagtilbod der kultur, aktivitet og trivselstiltak har fokus.*
*▯ Sikre gjennomstrøyming og framskaffe fleire universelt utforma bustadar og fleksible bueiningar for ulike behov.*
*▯ Legge til rette for integrering av ulike grupper med særskilte behov i etablerte og nye bustadområde.*
*▯ Legge til rette for at fleire skal kunne eige sin eigen bustad.*

***Tema: Folkehelse***
***MÅL:***
*Ingen skal ta skade av eigne eller andre sine rusmiddelvanar.*
***STRATEGIAR:***
*▯ Føre ein konsekvent og ansvarleg rusmiddelpolitikk og bidra til ein trygg og ikkje-skadeleg rusmiddelbruk.*
*▯ Styrke og utvide rusfrie møteplassar for ungdom.*
*▯ Legge til rette for ein verdig livssituasjon og meiningsfull kvardag for alle.*
*▯ Sikre og auke kompetanse gjennom samarbeid med kompetansesenter og andre institusjonar.*

## Økonomiske konsekvensar:

Anbodskonkurransen viser totalentreprisar innanfor planlagt kostnadsramme. Prosjektet er tilskotsberettiga i Husbanken, jfr finansieringsplan:

| | |
|---|---|
| Tilskot i Husbanken(overslag) | kr 7 000 000 |
| Mva-kompensasjon | " 3 300 000 |
| Låneopptak | " 12 700 000 |
| Sum | kr 23 000 000 |

Leigetakarane skal betale husleige til eigedomsavdelinga som utleigar av bustadene.

## Vurdering og konklusjon:

Kommunane har fått eit utvida ansvar for heilskaplege tilbod til personar med samtidige rusproblem og psykiske lidingar. Butilbod til denne gruppa er ei svært stor utfordring. I dag har Volda kommune ikkje dedikerte bustader til dette formålet. I budsjett og økonomiplanen i 2016 - 2019 vart det opplyst at det er eit behov på 8 - 10 slike bustader.

Det vert gjort fleire tiltak på bustadsida for å tilretteleggje for ulike målgrupper som er avhengig av kommunalt bustadtilbod og tenesteoppfølging, enten i ein overgangsperiode eller som varig tenestetilbod. Det vert synt til eiga sak om utbygging i Røyslida/ Smalebakken. ROP-bustadene er eit avgjerande tiltak for å gi tilbod til ei målgruppe som ikkje kan integrerast i dei andre kommunale bustadmiljøa. Det hastar med å få bygt desse bustadene, og administrasjonen har derfor førebudd prosessane slik at ein kan starte opp med bygginga i år med atterhald om oppstartingsvedtak i kommunestyret.

Rune Sjurgard
Rådmann

**Utskrift av endeleg vedtak:**
Eigedomsavdelinga for vidare oppfølging
Økonomisjefen
Helse- og omsorgssjefen

**Handsaming:**

**Røysting** (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

**Tilråding i formannskapet - 04.10.2016 til kommunestyret:**

***Volda kommune gjev garanti til Vestsida il for eit lån på kr. 400.000,- i Sparebank 1 Søre Sunnmøre i samsvar med lånetilsegn datert 26.09.2016.***
***Garantien vert gitt på slike vilkår:***

1. ***Garantien er ein simpel kausjon.***
2. ***Garantien skal avkortast i takt med utbetaling av spelemidlar og kompensasjon for mva. til anlegget..***

# VOLDA KOMMUNE

# SAKSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Per Heltne | Arkivsak nr.: | 2016/1320 |
| | | Arkivkode: | D11 |

| **Utvalsaksnr** | **Utval** | **Møtedato** |
|---|---|---|
| 172/16 | Formannskapet | 04.10.2016 |
| 128/16 | Kommunestyret | 27.10.2016 |

## VESTSIDA IL - GARASJE FOR TRAKKEMASKIN - SØKNAD OM KOMMUNAL GARANTI FOR LÅN

**Administrasjonen si tilråding:**
*Volda kommune gjev garanti til Vestsida il for eit lån på kr. 400.000,- i Sparebank 1 Søre Sunnmøre i samsvar med lånetilsegn datert 26.09.2016.*
*Garantien vert gitt på slike vilkår:*

1. *Garantien er ein simpel kausjon.*
2. *Garantien skal avkortast i takt med utbetaling av spelemidlar og kompensasjon for mva. til anlegget..*

**Vedleggsliste:**
Vestsida il - Søknad om komunal garanti
Teikning av anlegget
Kostnadsoppsett og finansieringsplan
Sparebank 1 - Lånetilsegn
Vestsida il - Årsrekneskap 2015 og kontoutskrift
Vestsida il - årsmøtevedtak

**Saksopplysningar:**
Vestsida IL har søkt om kommunal garanti for eit lån stort kr. kr. 400.000,-, i samband med bygging av garasjebygg for trakkemaskin på eigen eigedom på Lauvstad.

Anlegget er gitt idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning med sikte på tilskot frå spelemidlane til idrettsanlegg.
Det er gitt byggeløyve etter reglane i Plan og bygningslova.
Anleggsarbeidet vert starta opp i haust og vert ferdig for å kunner nyttast vinteren 2016-17.
Prosjektet er gitt førehandsgodkjenning for tilskot frå spelemidlane, og det vert fremja søknad om tilskot til prosjektet frå spelemiddelordninga i søknadsrunden for 2017.
I søknaden heiter det elles:
*"Vestsida IL eig trakkemaskin og scooter som vert nytta til trakking av ca. 8-10 km med skiløyper i Ulvestaddalen, samt trakking i*

*Fonnabakken skitrekk på Ulvestad. Hovudformålet med garasjen er å ta vare på desse verdiane på ein god måte gjennom året.*
*Garasjen vert isolert, slik at det er mogleg å tine maskinene for optimal lagring, men like viktig for å kunne få reparert og vedlikeholde maskinene gjennom vinteren. Slikt utstyr er avanserte maskiner og vert brukt under røffe forhold, og treng normalt ein god del vedlikehald/reparasjon. Idrettslaget eig også ein del anna materiell og utstyr som er spreidd utover på fleire lokale i bygda, og garasjen vil også verte brukt som lager for å samle alle dei verdiane som idrettslaget eig på ein god måte. Vi håpar også at bygget/området kan verte brukt i samband med utandørs arrangement som skirenn/terrengløp og liknande, då det er enkelt å få tak i straum, samtidig som utstyr som trengs for arrangementet er lagra på staden og dermed lett tilgjengeleg.*
*Vedlagt er kopi av viktigaste dokumenta i byggesøknad, kostnadsoverslag og finansieringsplan. Det vil bli søkt om MVA kompensasjons-midlar i ettertid.*
*Vi søkjer no om førehandsgodkjenning av tippemiddelsøknad og håpar på snarleg positivt vedtak.*
*Vi søkjer også om kommunal garanti for lån på kr. 400.000, og **håpar dette kan bli behandla på førstkommande kommunestyremøte 29.** september då vi ønskjer å kome i gang med arbeidet så snart som mogleg og får difor fort bruk for lånet."*
Vedlagt søknaden er lånetilsegn frå Sparebank 1 Søre Sunnmøre.
Vedlagt fylgjer og utfyllande informasjon om prosjektet, og om Vestsida IL sin økonomi..

**Helse og miljøkonsekvensar:**

Eit positivt aktivitetsfremjande tiltak i eit etablert idrettsområde. Vil stimulere til auka fysisk aktivitet og trivsel i bygda.

**Økonomiske konsekvensar:**

Tiltaket har ein samla kostnad på kr. 943.000.
Dette er tenkt finansiert slik:
Tilskot spelemidlar kr. 314.000, dugnadsarbeid kr. 376.000 , Eigenkapital (inklusive private tilskot) kr. 198.000 og resten må lånefinansierast kr. 55.000.
Utbetaling av spelemidlar vil normalt måtte vente 2-4 år, og lån trengs såleis også til forskottering av spelemidlane.
Det er såleis søkt om samla lån på kr. 400.000.
Lånet vil kunne bli nedbetalt med mottekne spelemidlar-kr. 314.000 innan for ei ramme på 2-4år, og ved eventuell refusjon av MVA til anlegget kr. 113.200 (kan søkjast refundert i 2017 ev. 18).

Lånet er såleis av kortsiktig karakter og tiltaket vil ikkje belaste klubben sin økonomi over lang tid.

**Beredskapsmessige konsekvensar:**

Ingen særlege for tiltaket.

**Vurdering og konklusjon:**

Eg legg til grunn at Vestsida il med dette anlegget kjem i posisjon for å få spelemidlar, og kan søkje refusjon for mva til anlegget.
Det er i dag usikkert når ein kan forvente slike tilskot på grunn av etterslep i søknadsmassen. Erfaringsmessig vil det kunne reknast 2-5 år etterslep for spelemiddeltilskot etter første gangs søknad.

Kommunal garanti som grunnlag for realisering av aktivitetsskapande anlegg og som grunnlag for lånefinansiering av spelemiddelanlegg er eit vedteke prinsipp i gjeldande kommunedelplan *For fysisk aktivitet og anlegg for idrett og friluftsliv ,* Jf. Kap. **4.0 verkemidlar, og kap. 5.1-prioritering av tiltak,** der det heiter:

> *"**Kommunale garantiordning for lån** er eit av dei viktigaste bidrag frå kommunen si side for å fremje laga sine utbyggingsprosjekt og må vidareførast som viktige verkemiddel i høve til anleggsutbygging i lagsregi."*

*”**Kommunen** vil innanfor økonomisk rammer i økonomiplan og budsjett etter nærare vurdering stille naudsynte kommunale garantiar for eigenkapitallån og lån til forskottering av spelemidlar for prioriterte anlegg i plan.”*

Dette er eit type tiltak det kan stillast garanti for, jf. komm.lova §51. Etter som lånesummen er under kr. 500.000 er det ikkje krav om slik garanti skal godkjenninast av Fylkesmannen.

I dokumentasjonen som følgjer søknaden viser idrettslaget til ein sunn økonomi med positivt driftsresultat og pengar til eigenkapital på konto.
Med grunnlag i kommunedelplan og opplysningar i søknad finn ein å kunne tilrå kommunal garanti slik søkt om.

| | |
|---|---|
| Rune Sjurgard<br>Rådmann | Jørgen Vestgarden<br>utviklingssjef |

**Utskrift av endeleg vedtak:**
Vestsida il

**Kopi til:**
Idrettsrådet
Økonomistaben
Utvikling

Hei.
Skal til å registrere tippemiddelsøknad og må få registrert eit nytt anlegg slik at eg finn det i søknadsskjema på idrettsanlegg.no.
Anleggsnamn er: Vestsida IL - Garasje for trakkemaskin.

Har også tidligare sendt epost om at leiar for Vestsida IL må endrast i det oppslaget om "søkjar" som ein får på idrettsanlegg.no. Leiar for tida er Bjarne Sætreås, 6133 Lauvstad.

Håpar dette kan gjerast raskt.

Mvh
for Vestsida IL
Arild Sæterås
mob. 92405583

**Fra:** Arild Sæterås [arild.saeteras@gmail.com]
**Sendt:** 29. august 2016 22:11
**Til:** V-Postmottak
**Kopi:** Per Heltne; Bjarne Sætreås
**Emne:** Fwd: Vestsida IL - Garasje for trakkemaskin. Søknad om førehandsgodkjenning av tippemiddelsøknad, samt søknad om kommunal garanti for lån.
**Vedlegg:** 101668667_Tegning_ny_plan.pdf; 101668667_Tegning_ny_fasade4.pdf; 101668667_Tegning_ny_fasade3.pdf; 101668667_Tegning_ny_fasade2.pdf; 101668667_Tegning_ny_fasade.pdf; 101668667_Situasjonsplan.pdf; 101668667_byggesak.pdf; kostnadsoverslag_n_2016 Vestsida IL Garasje for trakkemaskin.ods - førehandsgodkj.pdf; Finansieringsplan Vestsida IL - Garasje for trakkemaskin - førehandsgodkj.pdf

**Oppfølgingsflagg:** Følg opp
**Status for flagg:** Flagget

Behovsvurdering:
Vestsida IL eig trakkemaskin og scooter som vert nytta til trakking av ca. 8-10 km med skiløyper i Ulvestaddalen, samt trakking i Fonnabakken skitrekk på Ulvestad. Hovudformålet med garasjen er å ta vare på desse verdiane på ein god måte gjennom året. Garasjen vert isolert, slik at det er mogleg å tine maskinene for optimal lagring, men like viktig for å kunne få reparert og vedlikeholde maskinene gjennom vinteren. Slikt utstyr er avanserte maskiner og vert brukt under røffe forhold, og treng normalt ein god del vedlikehald/reparasjon. Idrettslaget eig også ein del anna materiell og utstyr som er spreidd utover på fleire lokale i bygda, og garasjen vil også verte brukt som lager for å samle alle dei verdiane som idrettslaget eig på ein god måte. Vi håpar også at bygget/området kan verte brukt i samband med utandørs arrangement som skirenn/terrengløp og liknande, då det er enkelt å få tak i straum, samtidig som utstyr som trengs for arrangementet er lagra på staden og dermed lett tilgjengeleg.

Vedlagt er kopi av viktigaste dokumenta i byggesøknad, kostnadsoverslag og finansieringsplan. Det vil bli søkt om MVA kompensasjons-midlar i ettertid.
Byggesøknad er til sakshandsaming og vi ønskjer å starte på byggearbeidet så snart søknad er godkjend.

Vi søkjer no om førehandsgodkjenning av tippemiddelsøknad og håpar på snarleg positivt vedtak.
Vi søkjer også om kommunal garanti for lån på kr. 400.000, og **håpar dette kan bli behandla på førstkommande kommunestyremøte 29.** september då vi ønskjer å kome i gang med arbeidet så snart som mogleg og får difor fort bruk for lånet.

Venleg helsing
Arild Sæterås
Vestsida IL
92405583

VESTSIDA IL – GARASJE FOR TRAKKEMASKIN

# Situasjonskart

Sunnmørskart

Tittel:
Dato: 03.08.2016
Målestokk: 1:1500

N




Kartopplysningar som vert kravd ved omsetting av eigedomar, skal tingast skriftleg hjå kommunen. Elles er ikkje kommunen ansvarleg. Situasjonskart som skal nyttast i søknadar SKAL ha påteikna rutenett og vere i målestokk 1:1000 eller 1:500.


DOOR
LEFT
ca. 12070
ca. 5850
Hall 8 x 12 x 4




**Hall 8 x 12 x 4**


RIGHT
ca. 12070
Hall 8 x 12 x 4
ca. 5850
DOOR


FRONT
22°
ca. 5850
ca. 4000
2000
LEFT
RIGHT
400
400
Door 1200 x 2000
Door 4000 x 3500
ca. 8070

Hall 8 x 12 x 4

| | | |
|---|---|---|
| Finansieringsplan | 29.08.2016 | |
| Vestsida IL - Garasje for trakkemaskin | | |
| | | |
| | | |
| **Beskrivelse** | **Beløp** | **Kommentar** |
| Søknadssum tippemidlar | 314373 | 1/3 av totalkostnad. Utbetaling etter 3-4 år |
| Private tilskudd | 33000 | Tilsagn frå Marine Harvest med utbetaling ca jan 2017 |
| Lån | 400000 | Nødvendig storleik på lån frå okt-16 og til tippemidlar utbetalast. |
| Dugnad | 376750 | Berekna verdi av dugnad i tippemiddelsøknad |
| Eigenkaptial | 165000 | Frå kassabehaldning i idrettslaget frå okt-16 |

# KOSTNADSOVERSLAG

Anleggsnummer

## I) Kostnader som gir rett til tilskot

| Kostnadstype | Materialkostnader | Arbeidskostnader | | Sum kjøp D=A+B | Sum mva. E=Dx0,25 | Samla kostnad (inkl.mva.) F=C+D+E |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Av dette kjøp AAv dette kjøp A | Av dette kjøp B | Dugnad C | | | |
| Tomt og drens | 20 000 | | 45 000 | 20 000 | 5 000 | 70 000 |
| Ringmur/plate | 64 396 | | 75000 | 64 396 | 16 099 | 155 495 |
| Stålbygg og port | 290 520 | | 179 340 | 290 520 | 72 630 | 542 490 |
| El-installasjon | 71 680 | | 32 500 | 71 680 | 17 920 | 122 100 |
| Byggesaksgebyr | 4 000 | | | 4 000 | 1 000 | 5 000 |
| Tilknytning straum | 2 500 | | | 2 500 | 625 | 3 125 |
| 5% Adm.kost | | | 44 910 | 0 | 0 | 44 910 |
| | | | | 0 | 0 | 0 |
| | | | | 0 | 0 | 0 |
| | | | | 0 | 0 | 0 |
| | | | | 0 | 0 | 0 |
| | | | | 0 | 0 | 0 |
| | | | | 0 | 0 | 0 |
| | | | | 0 | 0 | 0 |
| | | | | 0 | 0 | 0 |
| | | | | 0 | 0 | 0 |
| | | | | 0 | 0 | 0 |
| | | | | 0 | 0 | 0 |
| | | | | 0 | 0 | 0 |
| | | | | 0 | 0 | 0 |
| | | | | 0 | 0 | 0 |
| | | | | 0 | 0 | 0 |
| Sum | | | | 0 | 0 | 0 |
| **Sum** | | | **376 750** | | **Sum I:** | **943 120** |

## II) Kostnader som ikkje gir rett til tilskot

(f.eks. opparbeiding av parkeringsplass, bygging av publikumstribuner, nødvendig utstyr som ikke er

tilskuddsberettiget)

| Kostnadstype | Materialkostnader | Arbeidskostnader | | Sum kjøp D=A+B | Sum mva. E=Dx0,25 | Samla kostnad (inkl.mva.) F=C+D+E |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Av dette kjøp A | Av dette kjøp B | Dugnad C | | | |
| | | | | 0 | 0 | 0 |
| | | | | 0 | 0 | 0 |
| | | | | 0 | 0 | 0 |
| | | | | 0 | 0 | 0 |
| | | | | 0 | 0 | 0 |
| | | | | 0 | 0 | 0 |
| | | | | 0 | 0 | 0 |
| | | | | 0 | 0 | 0 |
| Sum | | | 0 | | Sum II: | 0 |

**III Samla kostnad for anlegget** (Sum I + Sum II) kr 943 120

# VOLDA KOMMUNE
## Utvikling

Vestsida il
v/Bjarne Sætreås
Nakkevegen 92

6133 LAUVSTAD

| *Arkivsak nr.* | *Løpenr.* | *Arkivkode* | *Avd/Sakshandsamar* | *Dato* |
|---|---|---|---|---|
| 2016/1320 | 10727/2016 | D11 | UTV/ PERHEL | 12.09.2016 |

**VESTSIDA IL - GARASJE FOR TRAKKEMASKIN - IDRETTSFUNKSJONELL FØREHANDSGODKJENNING.**

Vi har motteke søknad ved brev av 29.08.2016 om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av plan for Idrettsbygg - Garasje for trakkemaskin- på Idrettslaget sin eigedom gnr 156 bnr 12 på Lauvstad.
Planane er ein viktig del i arbeidet med å legge til rette for drift av etablert ski-anlegg og tilrettelegge for fysisk aktivitet i bygda.
Å kunne ta vare på driftsmateriell på ein god måte og legge til rette for rasjonell drift og gode arbeidstilhøve for brukarane, der alt arbeide skjer ved frivillig dugnadsinnsats , er særs viktig. Tiltaket vil kunne legge til rette for dette.
Anlegget er ikkje direkte nemnt i kommunedelplan for "*Fysisk aktivitet og anlegg for idrett og friluftsliv",* men er tilknytt eksisterande skianlegg som inngår i plan. Tiltaket vil bli søkt rullert inn i kommunedelplanen sin handlingsdel ved årleg rullering for 2017 -18.
Tiltaket er etter søknad gitt godkjenning etter reglane i Plan og bygningslova, jf. vedtak datert 31.08.2016.
Vi har vurdert planane og godkjenner disse med fylgjande merknader:
Fullstendige teikningar og beskriving for fasadeelement og tak, må ligge ved når ein sender inn søknad om tilskot.
(alternativt fullstendig tilbod frå leverandør med beskrivelse).

Skulle planen for anlegget bli endra, må ny oppdatert plan for tiltaket sendast kommunen for godkjenning. Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning gjeld for 2 år, men kan søkjast forlenga. Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning sikrar godkjent vurdering av tiltaket i høve til reglane om søknad om tilskot frå spelemidlane, men gir ikkje garanti for tilskot.

Eit sett av plan/søknad følgjer i retur med kommunen sitt godkjenningsstempel, og eit sett vert vedlagt kopi av brev til M.R. Fylkeskommune.
Kommunen minner om at søknad om tilskot med naudsynte vedlegg må sendast inn på vanleg måte gjennom digital søknadsportal på Idrettsanlegg.no.

Med helsing

Per Heltne
fagansvarleg, plan
*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

**Kopi:**
Møre og Romsdal Fylkeskommune - Kulturavdelinga
Idrettsrådet

Vestsida Idrettslag
v/Inger Lise Fløtre
Vollane 75D
6133 Lauvstad

| Deres ref. | Vår ref. | sted |
|---|---|---|
| FSK 98/13 | 21.05.13 | **Reservevassforsyning for Volda:**<br>1. Rådmannen vert beden om å ta nytt initiativ ovanfor Ørsta kommune med sikte på å etablere reservevassforsyning for Volda med samankopling av leidningsnett og anna tilhøyrande infrastruktur i Furene.<br>2. Dersom det er vilje til å gjennomføre tiltaket i begge kommunar, vert rådmannen beden om å legge fram sak til politisk handsaming | Brev til Ørsta kommune er sendt og det er kome svar om positiv haldning til dette frå rådmannen. Fagavdelingane i dei to kommunane er bedne om å utgreie utkast til løysing. Konsulent er engasjert til å lage detaljplan/tilbodsdokument.<br>Forslag til avtale om beredskapsvatn er utarbeidd. | Ordførar og rådmann i Ørsta er positive til at det vert arbeidd vidare med planane. Det bør derfor vere opna for å få til vidare samarbeid med teknisk etat i Ørsta for å avklare nærare saksgang og framdrift. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| FORV 69/13 | 11.06.13 | **Buss-skur på Lid:**<br>Forvaltningsstyret bed administrasjonen sjå på tilhøva med buss-skur på Lid, plassering og behov for antal. | Ikkje oppstarta og ikkje finansiert. Tiltaket må vurderast i budsjett-samanheng dersom det skal prioriterast. Vedtaket vert å fjerne frå vedtaksloggen dersom det ikkje vert følgt opp politisk med finansiering. | |
| FORV 78/13<br><br><br><br><br><br><br>FORV 76/15<br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br>KST 81/16 | 20.08.13<br><br><br><br><br><br><br>17.11.15<br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br>16.06.16 | **Trafikksituasjonen i området ved Volda ferjekai - fv. 651, behov for tiltak:** Forvaltningsstyret ber administrasjonen lage ei sak som omhandlar den farlege trafikksituasjonen rundt området Skårbygget – innkøyring til ferjekaia inkl. mjuke trafikkantar, og at ein får fortgang i å gjennomføre gjeldande reguleringsplan for området.<br>**Planid 200700-01 – Dispensasjon frå reguleringsplan ny ferjekai på rv. 651, gbr 19/950 og 862**<br>*3.Kommunen føreset at tiltak i gjeldande reguleringsplan for kryssløysing frå fergekaiområdet/E39 vert gjennomført samstundes med bygging av fergekai. Bruksløyve på ny fergekai vert ikkje gitt før tiltak i tråd med gjeldande reguleringsplan er gjennomført.*<br>*4.Kommunen føreset at Statens vegvesen erstattar Volda kommune sitt tapte kaiareal i forbindelse med tiltaket.*<br><br>*1.Kommunestyret viser til vedtak i Forvaltningsstyret sak 76/15 og 86/15 og tek til vitande dei vilkår og føresetnader som der er gitt med omsyn til bygging/utforming av ny fergekai i Volda sentrum.*<br><br>*2.Kommunestyret sluttar seg til dei retningsliner som er gitt for vidare planutforming i kommunen sitt brev av 28.04.2016, og ber om at dette vert fylgt opp vidare i planarbeidet og i avtale med kommunen om grunnavståing, bruk og drift av anlegga i området etter riving av eksisterande kai.* | Har vore gjennomført drøftingar med Statens vegvesen utan resultat. I Ved rullering av Trafikktryggingsplan for Volda kommune er miljøprioritert gjennomkøyring Volda sentrum eit punkt på tiltak på overordna vegnett. Administrasjonen må ha ei runde med Statens vegvesen og få aksept på dei tiltak som gjeld overordna vegnett i Volda kommune.<br><br>Forvaltningsstyret den 08.12.15, sak PS 86/15: *Forvaltningsstyret gjer om inkje pkt. 3 i vedtaket i sak PS 76/15 handsama i forvaltningsstyret den 17.11.15.*<br>***Kommunen forventar at tiltak i gjeldande reguleringsplan for kryssløysing frå fergekaiområdet/E39 vert gjennomført samstundes med bygging av fergekai.*** | Det vert i løpet av kort tid sendt brev til Statens Vegvesen for å be om møte for å avklare nærare framdrift. |

7

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | *3.Kommunestyret vil melde frå om at det kan verte aktuelt å søkje om erstatning for tapt "kaiareal" som ein konsekvens av at den nye ferjekaia no vert flytta, noko som vil redusere kommunens noverande kaiareal/kailine.* | | |
| KST 125/14 | 24.09.14 | **Konkurranseutsetjing, EPC-kontrakt**<br>1. Kommunestyret godkjenner at det vert gjennomført energiøkonomiseringstiltak og vedlikehald av kommunale bygg etter modellen med EPC-kontrakt (Energy Performance Contracting).<br>2. Kommunestyret ber om at det vert gjennomført ei konkurranse for gjennomføring av fase 0 og 1 slik det er skissert i saksutgreiinga. Desse fasene vert gjennomført innanfor vedtekne rammer til energiøkonomisering.<br>3. Det skal leggjast fram eiga sak for å ta stilling til prioriterte prosjekt for gjennomføring av tiltaka (fase 2 – 4) innanfor ei investeringsramme som vert å handsame i samband med komande budsjett og økonomiplan. Tiltaksinvesteringane er sjølvfinansierande, og forventa inntjeningstid er 8-10 år. | Entreprenør er valt, det vart NEE som gikk av med sigeren. NEE er i gang med analysefasen. Analysefasen er ferdig 18.12.2015. Administrasjonen skal arbeide med gjennomgang av tiltaka fram til det blir lagt fram tiltakspakke til kommunestyret. Tiltakspakke er planlagt lagt fram for kommunestyret 31.03.2016.<br><br>Tiltaket er godkjent i kommunestyret, der er lagt inn nokre opsjonar der adm. skal kome attende med eiga sak. Dette gjeld Voldahallen og 3 et. Aasen bygget. Adm skal i kontraktsamtale med NEE AS den 29.06.2016 i Oslo. | |
| KST 46/08 | 24.4.08 | **Tomt øvre Rotset:**<br>Kommunestyret ber administrasjonssjefen vurdere å innarbeide ein minimum utnyttingsgrad på næringsareal i reguleringsføresegner og ved utlysing av næringsareal. Areala må lysast ut med klausul om attkjøp og byggefrist. | Reguleringsplan for området godkjent i 2014.<br><br>Konkurransegrunnlag for opparbeiding av 1. byggesteg og engasjering av konsulent kan gjennomførast i løpet av 2016. Fylkesmannen har no gjeve kommunen medhald i klagen på oreigningsvedtaket, slik at det no kan reisast krav om å ta grunnen i bruk.<br>Tomtekostnader og salsvilkår vert å utgreie og avklare i eiga sak i samband med utbygging av området når tilbod på opparbeiding av feltet har vore ute på tilbod. . | |
| KST 152/15 | 17.12.15 | **Årsbudsjett 2016**<br>**Pkt. 39** *Volda kommune kjøper ikkje ny veghøvel. Men jobbar med og få til ein avtale med Ørsta* | Teknisk sektor i Volda har vore i kontakt med teknisk sektor i Ørsta om ev samarbeid. Det er | Det vert vert vurdert innarbeiding av ny veghøvel på budsjett |

8

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | *kommune om leige .Kan ikkje sjå behovet for at Volda og Ørsta kommune skal ha 2 av desse maskinene.*<br>*Om det ikkje lykkast og komme til ein avtale kan det vurderast på eit seinere budsjett.* | praktiske problem knytta til dette da det er behov for den samtidig i begge kommane for skraping av vegar og sikring av vegane. Leigeavtale vi har i år med entreprenør kostar om lag Kr 250.000. Då er ikkje driftskostnadane teke med. Kapitalkostnad ved kjøp vil være vesentlig rimligare en dagens løsing. | 2017. |
| KST 152/15 | 17.12.15 | **Årsbudsjett 2016**<br>**Pkt. 42 Botnavegen –** *budsjett 2016 kr 3.500.000* | Tilleggsfinansiering er godkjent av kommunestyret. | Pga av formalfeil i anbodsprosessen vert prosjektet lyst ut på nytt. Prosjektet er planlagt å starte opp tidleg 2017. |
| KST 152/15 | 17.12.15 | **Årsbudsjett 2016**<br>**Pkt. 44 Forprosjekt** - *Kommunestyret vil arbeide vidare med å realisere Torvmyrvegen i samarbeid med Ørsta kommune og set av kr. 250.000 til føremålet.*<br>*Finansiering ved ubudne investeringsfond* | Det har ikkje vore teke eige initiativ knytt til Torvmyrvegen utover at det har vore drøfta om prosjektet bør inn i ei felles samferdselspakke for Volda og Ørsta. | |
| KST 152/15 | 17.12.15 | **Årsbudsjett 2016**<br>**Pkt. 47** *Kommunestyret ber om at det i planperioden vert prioritert løyvt ytterlegare midlar til sentrumsutvikling sett i høve til posten for fast vegdekke.* | Vedtaket vert tolka som at kommunestyret er villig til å prioritere sentrumsutvikling. | Dette vert å vurdere i komande budsjett og økononomiplan. |
| KST 44/16 | 31.03.16 | **B58 Bratteberg**<br>Planen godkjent, tillaust til meir gagn enn skade.<br>3.Kommunestyret ber om at tilretteleggande tiltak for gang- og sykkeltrafikk på tilførselvegsystemet vert ivareteke i arealdelen av kommuneplan og i trafikktryggingsplanen.<br><br>4.Volda kommune skal vere føreseielege for dei som ynskjer å etablere seg med bustad i Volda. Kommunestyret ber rådmannen utarbeide ein enkel handlingsplan for det vidare arbeidet med godkjend | Kommunestyret har bedt om ein milepelsplan for prosjektering og utbygging av feltet. Dette vert å følgje opp av teknisk sektor og føreset fullfinsiering av utbygginga. | Førebygging av Heltneelva må gjerast før ein kan byggje ut feltet. Rådmannen vil i budsjett og økonomiplan rå til at ein får rydda opp i vegsystemet som |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | reguleringsplan fram mot byggeklare tomter. Handlingsplanen skal synleggjere rasjonell framdrift i arbeidet. Den skal leggast fram for kommunestyret og samordnast med budsjett- og økonomiplanarbeidet.<br><br>Vedtak som skal oversendast til administrasjonen: Som 1.trinn i utbygginga må ein fullføre gangveg Bjørnevegen og utbetre kryssing Hjellbakkane/ Bratteberg skule. | | tilførselsnett til Håmyra/Urbakkfoten og at Urbakkfoten vert bygt ut før B 58/Bratteberg. |

| Saksnr | Dato | Sak | Status og ansvar: Personal og organisasjon | Framdrift/aktivitet |
|---|---|---|---|---|
| KST 152/15<br><br><br><br><br><br><br>KST 83/16 | 17.12.15<br><br><br><br><br><br><br>16.06.16 | **Årsbudsjett 2016**<br>**Pkt. 32** Volda kommune ønskjer fleire lærlingplassar i Volda kommune, då dette er viktig i høve rekruttering av fagarbeidarar til alle tenesteområda i kommunen. Kommunestyret ber administrasjonen førebu sak om lærlingplassar til kommunestyret i forkant av revidert budsjett.<br>*Oppretting av nye lærlingstillingar og organisering av lærlingordninga vil bli vurdert i samband med budsjett 2017.* | Det er oppretta tre nye stillingar i 2016, og skal det opprettast fleire må det vurderast i budsjett 2017. | |
| KST 4/16<br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br>KST 94/16 | 19.01.16<br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br>25.08.2016 | **Oppmoding om auka busetjing av flyktningar i 2016 og 2017**<br>3.Kommunestyret ber administrasjonen legge fram sak for politisk handsaming om ventestønad og etablering, med sikte på å effektivisere busetjings- og etableringsarbeidet.<br><br>4.Kommunestyret ber administrasjonen legge fram sak for politisk handsaming om organisering av eit tiltaksapparat i kommunalt regi for samordning og samarbeid om tiltaksplassar for flyktningar og andre som treng aktivitet, språk- og arbeidstrening.<br><br>**PS 94/16 Busetjing av flyktningar og einslege mindreårige i 2016 og 2017**<br><br>***1.Kommunestyret er positiv til å busetje inntil 40 flyktningar, derav inntil 8-11 einslege mindreårige, kvart av åra 2016 og 2017. Familiesameiningar kjem i tillegg. Unytta plassar kan overførast frå eit år til eit anna.***<br>***a. 6-7 av plassane for einslege mindreårige skal busetjast av EM-tenesta i barnevernet.***<br>***b. 2-4 av plassane for einslege mindreårige skal busetjast av*** | 3. Under arbeid. Det vert møte med Volda læringssenter, NAV Ørsta/Volda og ev. Ørsta kommune, etter sommarferien 2016. Sak vert lagt fram til politisk handsaming når saka er ferdig utgreidd i etterkant av dette.<br><br>4. Fullført. Handsama i f-sak 133/16 i møte 16.08.16.<br><br><br><br><br>Under arbeid. | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | *Volda læringssenter.*<br><br>***2.Rådmannen disponerer plassane innafor busetjingsvedtaket ut i frå busetjingsbehov, kapasitet i tenesteapparatet og innafor ramma av den statlege finansieringsordninga for busetjing og integrering av flyktningar og einslege mindreårige.***<br><br>***3.Som vertskommune for asylmottak for vaksne, familiar og einslege mindreårige ber kommunestyret i Volda om at det i størst mogleg grad vart lagt til rette for busetjing av flyktningar og einslege mindreårige frå mottaka i Volda. Det vil lette integreringa for den einskilde som allereie har etablerte tenester frå kommunen. Dei slepp oppbrot og flytting til anna kommune når dei alt har starta integreringsprosessen på fleire område i Voldasamfunnet. Vidare vil dette avlaste fleire tenester i kommunen og vere god ressursbruk for samfunnet samla sett.***<br><br>***4.Kommunestyret tek rapporten «Busetjing av einslege mindreårige flyktningar» med tilhøyrande vedlegg til vitande, og legg til grunn at dei skisserte bu- og omsorgstiltaka best mogleg vert lagt til rette for at målgruppa får rett teneste på rett nivå. Dette for å sikre eit berekraftig busetjings- og integreringsarbeid innafor ramma av den statlege finansieringsordninga for busetjing og integrering av flyktningar og einslege mindreårige.***<br><br>***5.Rådmannen kjem attende med ny sak til formannskapet om godkjenning av ev. behov for styrking av kommunale sektorar som følgje av auka busetjing av flyktningar og einslege mindreårige.*** | | |

| Saksnr | Dato | Sak | Status og ansvar: Eigedomsavdelinga | Framdrift/aktivitet |
|---|---|---|---|---|
| KST 42/12 | 31.05.07 | **Trong for omsorgsbustader i Volda kommune**<br>- Totalrenovering av Mork bustader<br>- Bygging av omsorgsbustader på Lauvstad<br>- Utviding av kapasitet på omsorgsbustader på Folkestad | Dette er spørsmål som vert vurdert og handsama i samband med budsjett og økonomiplan. | |
| KST 11/13 | 31.01.13 | **Mork skule, gamlebygget**<br>Byggeteknisk gjennomgang med kostnadsberekning for planmessig opprusting av "Gamleskulen" med sikte på godkjenning innan utgangen av denne perioden. | Frist for å legge fram ein samla byggteknisk gjennomgang med kostnadsberekning for planmessig opprustning av "Gamle-skulen" med sikte på godkjenning er 01.01.2018.<br><br>Dette er ikkje starta opp pga kapasitet i avdelinga. MEN det er gjort eit stort arbeid for å oppretthalde drifta på skulen då den vart stengd pga fukt og luftkvalitet. Lokala i kjellaren er pussa heilt opp, utvendig har vi laga ei ytre drenering som alle taknedløp er kopla på. Vegen ovanfor skulen er omarbeidd med rett fall, slik at vasstrykk blir minska på bygget. Vidare er delar av kjellar behandla for å ikkje ta inn vatn. Resultat av dette er godt, og skulen vart godkjent opna igjen. Det er framleis gode resultat av tiltaket. Bygget har blitt vøla utvendig og der er gjort tiltak innvendig for å betre forhold til lærarar (inventar) vidare arbeid med lærararbeidsplassar blir arbeidd med<br><br>Det er gjennomført tilstandsanalyse på innemiljø i år, denne er funne ok. EPC vil gjennomføre ulike tiltak i bygget. Større vurdering kjem i løpet av hausten i forbindelse i svar om miljøretta helsevern. Her vil ein sjå på samanhengar i ulike prosjekt som er på gang i Volda. (Voldahall, VUS, skulemodular ved Øyra osv | Det vert vurdert flytting av modul frå Øyra skule til Mork skule i samband med budsjettet for 2017. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| KST 163/13 | 28.11.13 | **Vikebygda skule - godkjenning etter forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular**<br>5. Etter § 26 i "Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v" gir Volda Kommunstyre dispensasjon slik at dei delar av den gamle skulen som no er i bruk, framleis kan nyttast til skuleføremål i inntil 5 år. Føresetnaden er det skal gjerast ein byggteknisk gjennomgang med kostnadsberekning for planmessig<br>opprusting av den gamle skuledelen med sikte på godkjenning innan utgangen av denne perioden. Naudsynte utbetringar skal enten utgreiast i eiga sak eller innarbeidast i kommunen sin vedlikehaldsplan. | Frist for å legge fram ein samla byggteknisk gjennomgang med kostnadsberekning for planmessig opprusting av den gamle skuledelen med sikte på godkjenning er 01.01.2019.<br><br>Dette arbeidet er ikkje starta opp p.ga. kapasitet i avdelinga. Avdelinga vil gå for ein EPC kontrakt i kommunen og mykje av vedlikehalds-behovet på alle bygg frå barnehage storleik vil bli stetta her.<br><br>Adm arbeidar i dag med vurdering etter tilsyn om miljøretta helsevern og vil komme attende til hausten med ei større vurdering saman med både Mork gamle skule, Austefjorden og Vikebygda skule | |
| KST 164/13 | 28.11.13 | **Austefjord skule - godkjenning etter forskrift om miljøretta helsevern i barnehage og skule**<br>3. Volda kommunestyre er kjend med at tilkomst til garderobe og basseng ikkje er ideell for personar med alvorleg funksjonshindring. Naudsynte tiltak for å utbetre dette skal eigedomsavdelinga innarbeide i kommunen sin vedlikehaldsplan. | Pkt. 3<br>Dette har svært stor kostnad som må vurderast i økonomiplansamanheng.<br><br>Adm arbeidar i dag med vurdering etter tilsyn om miljøretta helsevern og vil komme attende til hausten med ei større vurdering saman med både Mork gamle skule, Austefjorden og Vikebygda skule. | |
| KST 165/12 | 20.12.12 | Budsjettsaka pkt 24: Administrasjonen vert beden om å utgreie **konkurranseutsetting av reinhaldet** i kommunen. | Eigedomsavdelinga er i gang med å førebu grunnlaget for ei konkurranseutsetjing. Det er tilsett reinhaldsleiar og gjort vesentlege tiltak for å betre rutinene, gjennomgå areal/frekvens og ressursstyringa innanfor reinhald. Spørsmålet om konkurranseutsetinga vert å kome attende til når ein har skaffa seg erfaring med dei endringane som er gjort.<br>Innkjøpsprosessen med reinhaldsartikklar er kome godt i gang der ein har eit sentrallager for alle bestillingar. Dette har så langt gitt økonomisk gevinst med å standardisere innkjøpa og val av produkt. Dette er gjennomført i heilskap. | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | Vår 2016 vil ein konkret kunne sjå effekt av endringar som eg gjort til no og ein vil kunne seie meir om konkurranse evna til reinhaldavdelinga. Dette er eit arbeid som tek tid og omorganiseringsprosessar må og skal gjennomførast på god måte spesielt med tanke på dei tilsette. Det er lagt fram orientering for driftsstyret der ein viser lønsemd i reinhaldet. Reinhald viser også til ein svært viktig funksjon som lærebedrift der vi kvalifiserar personar ut i arbeid. Dette gjennom nært samarbeid med Volda læringssenter og Furene. Det er vist til lønsemd med å ta over reinhaldet sjølve i leigd lokale på Hamna 20, driftstyret var orientert om dette i vår. Person er tilsett og starta opp i arbeidet 1. sept. 2016 | |
| FSK 208/14 | 18.11.14 | **Leigekontrakter Høgskulen i Volda** Formannskapet syner til saksutgreiinga og ber rådmannen føre forhandlingar med Høgskulen i Volda for dei lokala Volda kommune leiger ut, og basert på ein modell der Volda kommune som utleigar ivaretek nødvendig eigedomsforvaltning og rehabilitering der leigeareala har tilfredsstillande standard. | Viser til dialog kring nytt mediebygg, Voldahall prosjekt og EPC. Er dialog med høgskulen. Volda kommune har bistand med advokat i saken. Volda kommune skal legge fram kontraktsforslag i løpet av hausten, der byggtekniske høve blir tatt omsyn til. EPC prosjektet er involvert så vidare framdrift blir etter kommunestyrevedtak på det prosjektet. EPC er nok godkjent, VK tek vidare dialogen kring leige sett opp mot gjennomføringsplan av tiltak i prosjektet, samt eventuell framdrift i nytt mediebygg. | |
| KST 38/15 | 30.4.15 | **Voldahallen – tilstand, rehabilitering, nybygg** 1. Kommunestyret syner til vedlagte tilstandsrapport for Voldahallen og vedtek å samarbeide med Møre og Romsdal fylkeskommune med sikte på bygging av ny Voldahall. Idretten i Volda vert invitert til å delta i prosjektet med utgangspunkt i at auka standard og arealutviding for å stette deira behov vert dekt opp av ekstern finansiering.<br>2. Avsette midlar kr 1 200 000 til dusj-/garderobeanlegg vert omdisponert til tiltak for å | Arbeidsgruppa er i gang med arbeidet og er i rute med plan så langt.<br><br>Kommunestyret har teke til vitande utgreiing frå administrasjonen når det gjeld behov og status for kroppsøvings-/symjeanlegg, jfr K-sak 96/15 i møte 01.1015 (jfr punkt 8 i mandatet frå kommunestyret i K-sak 38/15)<br><br>Arbeidsgruppa arbeider med prosjektet. Idretten | Arbeidsgruppa vert å leggje fram framdriftsplan på prosessen. Det vil vere tenleg å få ei rask avgjerd på tomteplassering og få det avklart i styrande |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | stette forskrifts- og driftsmessige krav og behov for å drifte hallen fram til den vert erstatta av ny hall eller eksisterande hall ev vert totalrenovert.<br>3. Kommunestyret godkjenner å setje ned ei arbeidsgruppe samansett av:<br>- Volda kommune med 2 frå administrasjonen<br>- Møre og Romsdal fylkeskommune med 1 repr.<br>- Volda idrettsråd med 1 representant<br>- Volda handball med 1 representant<br>- KFUM Volleyball med 1 representant<br>Dei eksterne partane vert invitert inn i prosjektet.<br>4. Arbeidsgruppa får følgjande mandat:<br>a. Kome med forslag til plassering av ny hall og avklare parkeringsbehov/-løysing. Trafikale konsekvensar og tilhøve i nærområdet skal vurderast.<br>b. Avklare arealbehov, utarbeide romprogram og utgreie investerings- og driftskostnader ved alternativ med kommunen og fylkeskommunen sine behov som minimumsløysing og andre alternativ der idretten sine behov også er ivareteke.<br>c. Utgreie finansiering og modell for dei ulike partane si deltaking i investering og drift.<br>d. Kartleggje ev private næringslivsaktørar som kan ha interesse i å delta i utvikling av hallprosjekt.<br>e. Gjere ei vurdering av kor vidt eksisterande Voldahall skal rivast eller avhendast til andre.<br>f. Kartleggje og ev ivareta andre forhold for å sikre at prosjektet kan byggjast på realistiske føresetnader for gjennomføring.<br>5. Arbeidsgruppa får frist til 1. februar 2016.<br>6. Administrasjonen utgreier behov for kroppsøvingsanlegg for sentrumsskulane skal vurderast som del av arealbehovet og organisering/drift.<br>7. Kommunestyret vedtek å løyve inntil kr 500 000 til konsulenttenester til utgreiinga. Løyvinga vert dekt ved bruk av ubunde investeringsfond. Løyvinga skal | har lagt fram romprogram. Det er planlagt møte med Ørsta kommune for å drøfte mogleg samarbeid om å utløyse maks spelemidlar. Det er planlagt ekskursjon til Ulsteinhallen før ferien. Det vert teke sikte på å få fram ei sak for kommunestyret etter ferien der partane har samordna sine interesser med sikte på å få utarbeidd eit forprosjekt som kan verte eit beslutningsgrunnlag for partane.<br><br>Kommunestyret har bedt om rapport frå arbeidsgruppa blir lagt fram. Det er tatt avgjersle på bruk av ekstern kompetanse til å greie ut tomteplassering. Anbod på dette er sendt ut. | organ hos partane. Deretter bør ein arbeide vidare med forprosjekt på å få kostnadsrekna investering og driftskonsekvensar som avgjerdsgrunnlag for å få vidare. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | inngå i dei totale kostnadene for grunnlag for seinare kostnadsfordeling.<br>8. Administrasjonen vert bedt om å må sjå på behov for kroppsøvingsanlegg for sentrumsskulane, og gjere ei vurdering av dette opp mot dagens anlegg, og ev kartleggje behov som bør vurderast i samband med Voldahallprosjektet. Utgreiinga vert lagt fram som sak for kommunestyret innan 1. oktober 2015.<br>9. Kommunestyret tek stilling til nærare løysing og framdrift når resultatet frå arbeidsgruppa ligg føre og i samband med handsaming av budsjett og økonomiplan**.** | | |

| Saksnr | Dato | Sak | Status og ansvar: Helse- og omsorg | Framdrift/aktivitet |
|---|---|---|---|---|
| KST 165/12 | 20.12.12 | Budsjettsak pkt 34: Felleskjøkkenet ved omsorgssenteret vert vurdert å konkurranseutsette. | Kartlegging i saka er igong. Lite erfaring å finne frå andre liknande prosjekt. Vanskeleg å kome i mål med saka. Vi har vore i kontakt med innkjøpskonsulent og kun eitt liknande prosjekt frå ei kommune vart funne, Hurum. Før Hurum-saka enda opp i ei offentleg utlysing, vart konkurranseutsettinga trekt. Grunnen til dette har vi ikkje fått kjennskap til. Helse- og omsorg har ikkje administrativ kapasitet og innkjøpsfagleg kompetanse til å gjennomføre ein prosess på dette. Administrasjonen er pressa på ressursar og må prioritere primæroppgåvene knytt til tenesta. Helse og omsorgssektoren har ikkje kapasitet til framdrift i saka så langt, og administrasjonen er avhengig av at det vert vert løyvd ressursar til ekstern innleige til utgreiing og gjennomføring av konkurransen. Tiltaket er ikkje følgt opp av kommunestyret i budsjettet for 2016. | |
| KST 134/13 | 3.10.13 | **Oppretting av engasjementstilling, "frå mellombels til varig bustad".**<br>Kommunestyret vedtek at det vert oppretta ei engasjementstilling i 100 % knytt til prosjektet "frå mellombels til varig bustad", p.t. knytt til pleie- og omsorgsavdelinga.<br>Opprettinga av engasjementstillinga vert å finansiere gjennom prosjektmidlar tildelt frå Arbeids- og velferdsdirektoratet i samarbeid med Fylkesmannen i Møre og Romsdal<br>Engasjementet opphøyrer når prosjektet er avslutta. | Prosjektmidlar er tildelt og prosjektleiar var tilsett frå oktober 2013. Vi har fått prosjektmidlar ut 2015. Rapport om status på prosjektet var lagt fram som orienteringssak til Formannskapet mai 2014. Tiltaket har gitt positive resultat med god organisering av bustadtildelinga og god rotasjon i bustadene.<br><br>Frå Fylkesmannen er det signal om vidareføring av prosjektet i 6 mnd i 2016.<br><br>Tilbakemeldingar frå samarbeidspartar i tildelingsnemnda og Eigedomsavdelinga er at ein ynskjer å halde fram med denne organiseringa vidare etter prosjektperioden.<br><br>Søkjer om vidareføring av prosjektmidlar i 100 % stilling tom 31.07.2016. Det er oppretta 60 % fast stilling frå 2. halvår 2016 jfr. vedtak KST | Oppfølgt i samasvar med KST 152/15 Årsbudsjett 2016 pkt. 35 |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | 152/15 Årsbudsjett 2016. | |
| KST 188/13 | 19.12.13 | **Innføring av kvardagsrehabilitering i Volda kommune**<br>1. Volda kommune innfører kvardagsrehabilitering som arbeidsmetode i løpet av første kvartal 2014. Kommunen ønskjer å endre tenesteytinga i tråd med sentrale føringar og framtidige utfordringar. Tenestene skal ha fokus på at brukarane får hjelp til å nytte ressursane sine og dermed vere lenger aktive i eigne liv.<br>2. Planlegging og etablering skjer innafor gjevne rammer.<br>3. Innføringa vil skje som eit prosjekt som skal kunne evaluerast etter eit års drift. Deretter vil det kunne implementerast i heile helse- og omsorgssektoren. Målsetjinga for prosjektet er betre tenester til brukarane og reduserte utgifter knytt til målgruppa.<br>4. Innføring av kvardagsrehabilitering vil bety endringar både i tankemåte og handling både for tilsette, brukarar, pårørande, politikarar og samfunnet elles og det må difor lagast ein kommunikasjonsplan som kan formidle endringane til alle desse gruppene. | .<br>Sektoren har ikkje rapportert på vedtaksloggen pr 1. tertial.<br><br>Rapport- Innføring av kvardagsrehabilitering i Volda kommune, periode 05.11.2014 - 31.12.2015 er klar for publisering november/desember 2016 | Kvardagsrehabilitering er eit viktig satsingsområde for å leggje til rette for at pasienten kan ha lenger livskvalitet, og at strategien kan utsette behovet for tyngre tenester. Helse og omsorgssjefen legg fram sak om rapport for perioden 2014 - 2015, samt målsetting for den vidare satsinga. |
| KST 97/15 | 01.10.15 | **Ombygging ved Volda legesenter for å ta imot turnuskandidat**<br><br>*1. Volda kommunestyre er positiv til å ta imot medisinsk turnuslege frå 2016 av.*<br>*2. Dei nødvendige ombyggingsarbeida ved Volda legesenter, slik dei er utgreidde i dette saksframlegget, blir å starte snarast muleg.*<br>*3. Prosjektkostnaden på kr. 800.000 vert finansiert slik:*<br> *Momskompensasjon kr. 160.000*<br> *Bruk av ubunde investeringsfond kr. 640.000*<br>*4. Volda kommunestyre er kjend med at*<br>*a. det må utarbeidast ein tilleggsavtale/vedlegg til noverande avtale mellom Volda kommune og fastlegane ved Volda legesenter for innarbeiding av* | Ombygging er klar til turnuslege tek til i stilling medio 2016.<br><br>Ombygging knytt til oppstart av turnuslege var ferdigstilt til turnuskandidat tok til i stilling 01.09.2016. | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | *stillinga som turnuslege i eksisterande drifsform ved legesenteret.*<br>*b. den arealmessige kapasiteten ved legesenteret er sprengd. Plasseringa av turnuskandidatkontoret internt på legesenteret må bli å revurdere i samband med punkt 5.*<br>*5. Det må startast utgreiing av måtar legesenteret kan få dekka sitt noverande og framtidige arealbehov. I saka må også utgreiast på kva måte arealet som no blir frådelt sin funksjon til legevakføremål, kan ivaretakast på ein fagleg og praktisk måte, slik opprinneleg funksjon var. Eventuelle tiltak som følgje av utgreiinga må innarbeidast i avtalen som vedkjem partane og i alle høve godkjennast i høve til budsjett og økonomiplan.* | | |
| KST PS 152/15 | 17.12.15 | **Årsbudsjett 2016**<br>**Pkt. 31** *Driftstyret er uroa for arbeidsmiljøet i pleie og omsorg og er nøgd med at det er sett i gong ei arbeidsmiljøundersøking. Driftstyret vil oppmode om at det vert sett av ressursar til å gjennomføre tiltak for å løyse evt. problem som kjem fram av arbeidsmiljøundersøkinga.* | Arbeidsmiljøprosess er igong og vil pågå 1. halvår 2016. Det er tildelt midlar gjennom NAV arbeidslivssenter. Prosessen vert følgt opp i etterfølgjande handlingsplanar som vert forankra både hos leiinga og dei tillitsvalte. | Rapport etter arbeidsmiljøprosessen vil kome i november 2016.<br>Einingsleiarane, verneombod og plasstillitsvalte har inngått avtale om handlingsplanar for den enkelte eining med tiltak og fristar for gjennomføring.<br><br>Personalavdelinga har i samarbeid med sektoren sett i gang opplæringstiltak og tiltak retta mot leiarutvikling.<br><br>Rådmannen vil setje i gang ein prosess på overordna nivå i |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | seketoren frå midten av november og ca eit 1/2-år framover i tid |
| KST 152/15 | 17.12.15 | **Årsbudsjett 2016**<br>**Pkt. 35** *Kommunestyret ber administrasjonen vurdere om bustadkoordinatorstillinga kan aukast til 80 % innanfor ramma til helse- og omsorgssektoren.* | Vurdering vil bli gjort.<br>Bustadkoordintorer i 60 % stilling som bustadkoordinator og i tillegg 20 % stilling sakshandsamar innan anna område ved tildelingskontoret. Sektoren fann ikkje rom for å auke bustadkoordinatorstillinga til 80% innan ramma. | |

| Saksnr | Dato | Sak | Status og ansvar: Kultur og service | Framdrift/aktivitet |
|---|---|---|---|---|
| KST 165/12<br><br><br><br>KST 152/15 | 20.12.12<br><br><br><br>17.12.15 | **Kinodrift:**<br>Pkt. 26 i budsjettvedtaket: Kommunestyret ber rådmannen utgreie framtidig organisering av kinodrifta i løpet av 2014.<br>**Årsbudsjett 2016 – pkt. 33 - kinodrift**<br>*Volda kommunestyre ber rådmannnen leggje fram ei sak der det kan gjerast vedtak om korleis drift ved Volda Filmteater kan sikrast vidare.* | Dette vert vurdert i samanheng med Campus-prosjektet | Statsbygg startar opp eit skissprosjekt der HVO og Volda kommune har inngått intensjonsavtale om fleirbrukssal inkl kino-/kultursal. Det er venta å få fram prosjektet til sommaren 2017. |
| FUNK 18.5.15 | 18.5.15 | **Oppnemning av kommunalt råd for funksjonshemma**<br>Kommunalt råd for funksjonshemma vil be om at rådet vert utvida med ein representant slik at det blir fire brukarrepresentantar i rådet. Rådet vil då bestå av seks medlemer. Dette for å få ei større bredde. | Kommunalt råd for funksjonshemma blei oppnevnt av kommunestyret 26. mai 2016. Saka om evt. utviding av antal medlemmer vil bli handsama på kommunalt råd for funksjonshemma sitt første møte. | Saka vil bli handsama i Kommunestyret i haust. |
| PS 152/15 | 17.12.15 | **Årsbudsjett 2016**<br>**Pkt. 30** *Kommunestyret ber om at kulturprisen blir gjenoppretta.* | Adm. har starta arbeidet med å lage ei sak på dette. | (uendra) |
| KST 152/15 | 17.12.15 | **Årsbudsjett 2016**<br>**Pkt. 43** *Kommunestyret bed administrasjonen legge fram ei sak om nye lokale for ungdomsklubben* | Det vil verte lagt fram sak på dette. Rådmannen stiller spørsmål ved om det bør gjerast ei breiare vurdering av ungdomstilbod for urgansiert ungdom, og om dette bør vurderast utover det å skaffe lokale til ein ungdomsklubb, og at dette vert sett opp mot kommuneplanen sine mål og strategiar i ein litt vidare samanheng. Det vil verte ein tverrfagleg gjennomgang på dette før ein kjem attende til sak til politisk nivå. | Saka vil vere klar til handsaming i oktober 2016 |
| KST 77/16 | 16.06.16 | **Kulturminneplan**<br>*1.Kommunestyret godkjenner oppstart og gjennomføring av arbeidet med kulturminneplan. Formannskapet vert styringsgruppe. Administrasjonen får i oppgåve å setje saman prosjektgruppe.*<br><br>*2.Prosjektet er kostnadsrekna til kr 200 000,- og skal finansierast slik:* | | Prosjektgruppa har hatt sitt 1. møte. Held på å planlegge oppstartsmøte. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | *Møre og Romsdal fylkeskommune, tilskot etter søknad:kr 100 000,-*<br>*Bruk av midlar på investeringsbudsjettet (omdisponering/fond) kr 40 000,-*<br>*Eigeninnsats i Sektor for Utvikling/Kultur og service kr 60 000,-*<br><br>*Administrasjonen får i oppdrag å iverksetje arbeid med kulturminneplan som skildra i saksutgreiinga* | | |
| PS 99/16 | 25.08.2016 | **Grendautvala 2016**<br>*Kommunestyret ber om at grendautvala som ikkje har kravt nye val, gjer det. Ordføraren får fullmakt til å godkjenne supplerande val.*<br><br>*Kommunestyret ber formannskapet om å legge strategi for styrking av grendalaga og kontakten med disse.* | | |

| Saksnr | Dato | Sak | Status og ansvar: **Samfunn og rådgjeving/Rådmannen** | Framdrift/aktivitet |
|---|---|---|---|---|
| KST 5/13<br><br><br><br><br>Forv 36/15<br><br><br><br><br>KST 152/15 | 31.01.13<br><br><br><br><br>12.5.15<br><br><br><br><br>17.12.15 | Oppfølging av innspel frå forvaltningsstyret og ungdomsrådet – Årsbudsjett 2013/økonomiplan 2013-2016<br>Prisoversikt for kostnad på grunninnløysing og skjønnsrett for skulebakken på Lauvstad.<br>**Skulebakken på Ulvestad – grunnspørsmål**<br>Forvaltningsstyret ber administrasjonen om å setje i gang ein prosess for å finne ei løysing på grunnspørsmålet for skulebakken på Ulvestad, evt. oreigningssak.<br>**Årsbudsjett 2016 - pkt. 28**<br>*Skulebakken opprusting, flytting av investering frå 2019 til 2016/17* | For å få fram ei prisoversikt for kostnaden med grunninnløysing og skjøn må det ligge føre ei oversikt frå kommunalteknisk avdeling eller avdeling for kart, oppmåling og byggesak over kor stort areal det dreiar seg om. Å gjette grunnprisen på Lauvstad er vanskeleg. Eit skjøn kostar rundt kr. 150.000 - 250.000 pr. rettsinstans, avhengig av talet på partar, kompleksitet osb. Tiltaket er delfinansiert i budsjett og økonomiplan. For gjennomføring må prosjektet kalkulerast og fullfinansierast.<br><br>Sak om godkjenning av avtale var i møtet 4. oktober.<br>Skjøn vert til våren<br><br>Prosessen med å førebu grunnerverv er starta opp. | Det er lyst ut anbod på prosjektet. Prosjektet vert vesentleg dyrare enn det som er lagt inn i budsjettet, og oppstart er betinga av at tilleggsløyving vert innarbeidd i 2017-budsjettet. |
| KST 123/15 | 26.12.15 | **Næringsareal på Rotset – Gjennomføring av reguleringsplan – Oreigning**<br>*1.Med heimel i kap. 16 i Plan- og bygningslova oreignar Volda kommune frå Per Schjelderup, eigar av gnr. 30 bnr. 4, om lag 48 da med påståande bygning, i samsvar med detaljreguleringsplanen for "Øvre Rotset næringsområde", vedteken i kommunestyret i møte 13.11.14, sak 142/14 . Eventuelle rettar, avtalar og liknande som måtte kvile på areala nemnt ovanfor vert og oreigna.*<br>*2.Kommunestyret meiner tvangsinngrepet etter punkt 1 ovanfor tvillaust er meir til gagn enn skade.*<br>*3.Volda kommune vil søkje fylkesmannen i Møre og Romsdal om løyve til å ta grunnen i bruk før det er* | Det vart klaga på oreigningsvedtaket, Grunneigar fekk ikkje medhald i klaga.<br><br>Skjønsbegjering er sendt frå | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| KST 17/16 | 09.02.16 | *halde skjøn.*<br>*4.Volda kommune krev skjøn.*<br><br>1.Klage dat. 16.12.15 frå Per Schjelderup v/advokat Knardal på kommunestyret sitt vedtak i sak 123/15 vert ikkje komen i møte, med det kommunestyrt viser til grunngjevinga i saksutgreiinga nedanfor.<br>2. Saka vert sendt Fylkesmannen i Møre og Romsdal til endeleg avgjerd. | kommuneadvokaten.<br><br>Skjønnet vert over jul ein gong. (ikkje fastsett)<br><br>Skal søkje Fylkesmannen om å ta grunnen i bruk før skjøn er halde | |
| FSK 35/15 | 03.03.15. | **Fusjonsplan destinasjonsselskap Visit Sunnmøre & Nordfjord:** Formannskapet ber administrasjonen kome med ei sak om eventuell innmelding i destinasjonsselskapet og at det er naturleg at det vert henta inn synspunkt frå Volda næringsforum. | Kommunestyret gjorde slikt vedtak i budsjettsaka 17.12.15: *Volda kommune ynskjer, i samarbeid med næringslivet, å prioritere å utvikle Volda som destinasjon og løyver midlar til eit slikt prosjekt tilsvarande kontigenten til DÅS. Som del av dette prosjektet skal eventuell framhalden medlemskap i DÅS vurderast som alternativt verkemiddel og strategi."*<br>Administrasjonen har bede Volda Næringsforum ei avklaring på korleis næringsforumet prioriterer, og om dei står fast på at kommunen ikkje skal melde seg inn att i DÅS.<br>Kommunen er utmeld frå DÅS pr. 01.01.2016. Har sak i k.styret 16.06.16 om omdisponering av midlane for 2016 (Jfr. sak 2015/2312) | |
| FSK 93/15 | 9.6.15 | **Kjøp av friluftsområde – Andaneset**<br>1.Formannskapet bed administrasjonen tinge med eigar av gnr. 30 bnr. 18 med sikte på avtale om offentleg erverv av det i kommunedeplanen avsette friområdet på Andaneset.<br>2.Tinging skal skje med atterhald om godkjenning av ev avtale i kommunestyret og godkjent økonomisk dekning. Primært bør det arbeidast for statleg ordning for overtaking av friområde, sekundært kommunal dekning gjennom budsjett og økonomiplan. | Det er gitt tilsagn om midlar til innløsing, og det har vore lagt fram sak om godkjenning av avtale og finansiering av kommunen sin eigenandel til innløysing. | |
| KST 152/15 | 17.12.15 | **Årsbudsjett – pkt. 21. - DÅS**<br>*Volda kommune ynskjer, i samarbeid med næringslivet, å prioritere å utvikle Volda som* | Volda Næringforum har fått tilsagn om midlane for å utvikle ein lokal destinasjon. Prosjektet skal evaluerast. | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | *destinasjon og løyver midlar til eit slikt prosjekt tilsvarande kontigenten til DÅS. Som del av dette prosjektet skal eventuell framhalden medlemskap i DÅS vurderast som alternativt verkemiddel og strategi.* | | |
| KST 91/16 | 28.06.2016 | **Kommunereforma endeleg vedtak**<br>*1.Under føresetnad av tilslutning frå Hornindal kommune skal under kulepunkta i avsnitt 2 tilføyast:*<br>*a. Den samanslåtte Volda og Hornindal kommune vil arbeide aktivt og målretta for å ha best mulig kommunikasjonar over fjorden til bygdelaga på sør og vestsida av Voldsfjorden. Dette for å knyte kommunen i hop på best mulig vis til ei kvar tid.*<br>*2.Kommunestyret viser til vedteken intensjonsavtale med Hornindal og Stryn, K-sak 71/16. Etter som det ikkje er aktuelt med samanslåing med Stryn, vedtek kommunestyret vedlagt intensjonsavtale med Hornindal, datert 20. juni 2016.*<br>*3.Volda kommunestyre vedtek å gjere om inkje vedtaket i PS-sak 76/16, pkt 4.*<br>*4.Under føresetnad av tilsvarande vedtak i Hornindal kommunestyre, vedtek Volda kommunestyre at Volda blir samanslegen med Hornindal kommune.*<br>*5.Volda kommune vil i samband med kommunereforma stimulere til samarbeid med Ørsta og andre kommunar i regionen for mellom anna å nå miljø- og klimamål, utvikle betre offentlege tenester og stimulere lokal og regional samfunnsutvikling.*<br>*6.Volda kommune tek vedtaket til Ørsta kommune til vitende, og erkjenner at intensjonsavtalen med* | | Det vert lagt fram sak for formannskap og kommunestyre i oktober med sikte på å opprette fellesnemnd for Volda og Hornindal.<br><br>Det er underliggjande at det politisk vert vurdert om det skal takast nye initiativ overfor Ørsta kommune. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | *Ørsta kommune ikkje lenger er gyldig. Dersom statlig mynde eller Stortinget kjem med andre føringar eller vedtak vil Volda kommune være positive til å starte nye forhandlinger med Ørsta kommune.*<br><br>*Forslaga frå Arild Iversen vert å sende over til Fellesnemda som innspel til det vidare arbeidet.* | | |
| KST 152/15<br><br><br><br><br>KST 11/16<br><br><br><br>FSK 55/16 | 17.12.15<br><br><br><br><br>19.01.16<br><br><br><br>15.03.16 | **Årsbudsjett 2016**<br>**Pkt. 22 -** *Kommunestyret ber rådmannen leggje fram sak om organisering av prosessar og mandat for å konkretisere frigjering av ressursar, slik det er skissert behov for i 2017 – 2019.*<br><br>Kommunestyret gir formannskapet fullmakt til å godkjenne prosessen med organisering, mandat og framdriftsplan med grunnlag i saksutgreiinga, forslag frå Krf og debatten<br><br>Val av arbeidsgruppe. | Arbeidsgruppa er nedsett og kome i gang med arbeidet.<br><br>Kommunestyret har vedteke at prosessnotatet frå arbeidsgruppa vert å legge til grunn for års- og økonomiplanarbeidet<br><br>Det er innhenta KOSTRA-analyse frå KS Agenda. | |
| KST 152/15 | 17.12.15 | **Årsbudsjett 2016**<br>**Pkt. 31** *Driftstyret ber kommunestyret løyve kr. 20.000, til Ørsta-Volda ballettskule sine framsyningar våren og hausten 2016. Driftstyret ber formannskapet finne løyvingar til dette. Viser til punkt 2.10 i årsbudsjettet 2016, næringsutvikling.* | Dette er eit verbalvedtak som ev vert å materialisere i seinare budsjett og økonomiplan. | Vert å vurdere for 2017 |
| KST 152/15 | 17.12.15 | **Årsbudsjett 2016**<br>**Pkt. 34**<br>*a) Innføring av eigedomsskatt i Volda vart gjort gjennom vedtak i kommunestyret 29/8.2013, sak PS 112/13. I pkt 3 i dette vedtaket heiter det: "Ein føreset at det vert sett i verk tiltak i kommunen som bringer økonomien i balanse utan eigedomsskatt slik at eigedomsskatten vert søkt avvikla i år 2019." Det er Volda kommunestyre sin intensjon at økonomistyringa i kommunen vert slik som føresett i nemnde vedtak.* | Det vert synt til økonomiprosessen i 2016 og kommunestyret sitt vedtak om føringar og prinsipp for komande budsjett- og økonomiplan, jfr K-sak 107/16. | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | *b) Volda kommunestyre ser det slik at innkome frå eigedomsskatt bør nyttast til investeringstiltak som kommunen ellers ikkje hadde funne plass til, om ein ikkje hadde denne skatten.* | | |
| Drift 26/16<br><br>KST 95/16 | 11.05.16<br><br>25.08.16 | **Notat politisk organisering driftsstyret**<br>Driftstyret ser på det som positiv med ei deling av driftsstyret. Dette for å sikre involverte politikarar med god kjennskap til avdelingane. Målet er at politikarane ikkje lenger berre skal gjere vedtak i ferdig utforma saker, men delta aktivt i utforminga av drifta i Volda.<br><br>Driftstyret oppfordrar formannskapet til å initiere ein prosess med mål å gjere ei deling av oppgåvene driftstyret har i dag. Mellom anna at gjeldande punkt vert gjenstand for diskusjon i denne prosessen.<br><br>1: Driftstyret vert delt i 2 fagstyre; Styre for kultur og oppvekst og styre for helse og omsorg<br>2: Kvart av styra skal ha minst 7 medlemmar med tilhøyrande vara<br>3: Oppvekstsjefen og helse- og omsorgssjefen skal som hovudregel møte i møta til dei nye styra<br>4: Styra skal brukast aktivt som rådgjevande organ i saker som gjeld dei respektive fagområda<br>5: Dei nye styra trer i kraft frå januar 2017<br>6: Dei nye styra har like innstillingsrettar som det driftstyret har i dag<br><br>*1.Kommunestyret vedtek å dele Driftsstyret i to tenesteutval:*<br>*a. Tenesteutval for helse- og omsorg (THO)*<br>*b. Tenesteutval for barn og kultur (TOK)*<br><br>*Utvala skal ha sju medlemer pluss varamedlemer*<br>*I tillegg får Forvaltningsstyret endra si nemning til* | Det er gjort vedtak.<br>Medlemer må velgast og sak om fullmakt og delegering må fremjast. Administrasjonen er pressa, og det kan hende at dette må utsetjast til etter nyttår. | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| KST 96/16 | 25.08.2016 | *Forvaltningsutval.*<br>*Endringa skjer frå 01.01.2017*<br><br>*2.Sak om endring av reglement og delegering som fylgje av vedtaket vert å legge fram for kommunestyret i løpet av hausten.*<br><br>**Strategiske grep for å hindre svart økonomi ved innkjøp**<br>***Kommunestyret ber administrasjonen legge fram forslag til konkrete strategiske grep der ein nyttar innkjøp som verkemiddel for å medverke til berekraftig miljøutvikling. Dette bør sjåast i samanheng med komande handlingsplanperiode 2017-2020 for kommunen sin klimaplan.*** | Vedtak er gjort og oversendt Einingane og innkjøpssamarbeid | |
| KST 82/16 | 16.06.16 | **"Destinasjon Volda"**<br>*1.Volda kommunestyre godkjenner at avsette midlar for 2016, kr. 253.000,- til reiselivsutvikling vert overført Volda Næringsforum. Midlane skal øyremerkast til bruk i prosjektet og utviklingsarbeidet "destinasjon Volda", og vert organisert av Volda Næringsforum.*<br>*Midlane skal inn til vidare nyttast med særleg utgangspunkt i utvikling av reiselivet i heile kommunen. Ein føreset difor at det vert styrt av ei* | Prosjektet er sett i verk. Formannskapet har oppnemnd kommunen sine medlemer i nemnda. Saka vil bli fulgt opp av administrasjonen | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| FSK 148/16 | 06.09.2016 | *prosjektgruppe som vert oppretta og slik samansett: 2 representantar frå Volda Næringsforum, 2 frå Volda Reiselivslag og 2 frå Volda kommune.*<br><br>*2.Kommunestyret ber om rapportering i årsrapport og ein prosjektrapport innan 1.juli 2017 i samsvar rådmannen sin konklusjon i denne saka.*<br><br>*3.Kommunestyret vil vurdere effekten av måloppnåing og resultat opp mot kor vidt det skal løyvast midlar vidare. Dette vil kommunestyret kome attende til i samband med budsjettet for 2018.*<br><br>*Volda formannskap syner til pkt. 2 i sak PS 82/16 og vel*<br>*1. Fride Sortehaug vara: Odd Harald Sundal*<br>*2. Anders Egil Straume*<br>*som kommunen sine representantar i prosjektgrupp.* | | |

| Saksnr | Dato | Sak | Status og ansvar: Opplæring og oppvekst | Framdrift/aktivitet |
| --- | --- | --- | --- | --- |
| KST 152/15<br><br><br><br>KST 36/16 | 17.12.15<br><br><br><br>31.03.16 | **Årsbudsjett 2016**<br>**Pkt. 29** *Kommunestyret ber om at det blir gjenoppretta stilling som valdskoordinator i 20 % stilling.*<br><br>Kommunestyret bed om at valdskoordinator i 20 % stilling vert å innarbeide i samband med komande budsjett- og økonomiplanhandsaming. | Saka lagt fram for kommunestyret, som ber om at valdskoordinator i 20 % stilling vert inarbeidd i samband med komande budsjett- og økonomiplanhandsaming. | Dette må vurderast i samband med handsaming av budsjett og økonomiplan. |
| KST 152/15<br><br><br><br>KST 85/15 | 17.12.15<br><br><br><br>16.06.16 | **Årsbudsjett 2016**<br>**Pkt 38***Administrasjonen skal innan 1.6.2016 legge fram ei sak med framlegg til tiltak for å betre resultata i basisfaga, norsk, mattematikk og engelsk på ungdomsskuletrinnet*<br>*Framlegg til tiltak for å betre resultata i norsk, matematikk og engelsk på ungdomsskulesteget vert teken til vitende.* | Dette punktet vart handsama i samband med tilstandsrapporten for grunnskulen som vart lagt fram for kommunestyret seinast i juni 2016. | |
| KST 9/16 | 19.01.16 | **Flytting av ungdomssteget ved Austefjord skule - iverksetjing av vedtak**<br>2) kommunestyret ber administrasjonen utgreie fullstendige kostnadar med eigne tilbringarruter frå Høydalen, Osdalen og direkterute til og frå ungdomsskulen forkant av ny handsaming<br><br>3) kommunestyret ber administrasjonen gå i nye forhandlingar med fylket om ein betra skuleskyss for Austefjordelevane<br><br>4) Kommunestyret bed administrasjonen jobbe vidare med ei avklaring frå Ørsta med tanke på Bjørkeelevane.<br><br>5) det skal setjast ned ei arbeidsgruppe som jobbar i lag for å få til ei best mogleg og langsiktig løysing for ungdomsskuleelevane frå Austefjorden. Gruppa skal bestå av ein frå administrasjonen, ein | Dersom ikkje den økonomiske situasjonen tilseier at ein må forsere dette, så vil arbeidet med vedtaket normalt starte opp når ein kjem nærare budsjetthandsaminga for 2020. | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | foreldrerepresentant og ein politikarrepresentant. Administrasjonen kallar inn til fyste møte. | | |
| Drift 10/16 | 10.02.16 | 1.Driftsstyret ber administrasjonen legge til rette for at alle tilsette i sektor for opplæring og oppvekst får høve til å nytte arbeidsheftet til å kome med innspel i det vidare arbeidet med oppvekstplanen.<br><br>2.Driftsstyret vil kome med skriftleg tilbakemelding på arbeidsheftet til oppvekstsjefen innan 15. april 2016.<br><br>3.Registrering av korleis born beveger seg i relasjon til skule- og fritidsaktivitetar i Volda sentrum, kalla Barnetråkk, vert ikkje ein del av oppvekstplanen. Driftsstyret føreset at slik registrering vert gjort i samband med kommuneplanen sin arealdel når kommunen er Feide-godkjent.<br><br>4.Driftstyret føreset at andre aktuelle instansar vert tatt med i arbeidet med oppvekstplanen i ein høyringsprosess. | Vedtaka er gjennomført. Utkast til kvalitetsplan vert etter planen lagt fram i desember | |

# VOLDA KOMMUNE

# SAKSDOKUMENT

| Sakshandsamar: | Inger-Johanne Johnsen | Arkivsak nr.: | 2015/2353 |
|---|---|---|---|
| | | Arkivkode: | 033 |

| **Utvalsaksnr** | **Utval** | **Møtedato** |
|---|---|---|
| 14/16 | Valnemnda | 26.10.2016 |
| 132/16 | Kommunestyret | 27.10.2016 |

**VAL AV MEDDOMMERE FOR PERIODEN 2017-2020**

**Administrasjonen si tilråding:**

**Administrasjonen si tilråding:**
***Som medlem i tingretten blir ……………., ……………. og ………….. valt.***

**Saksopplysningar:**
På grunn av ein feil må det veljast eit tre nye medlemmer når det gjeld Tingretten, slik at det totalt blir 30 menn.

Dei som allereie er valt, er:

## *Meddommarar – Tingretten – Menn:*

| | | |
|---|---|---|
| ***1.*** | ***Ståle Hansen*** | ***1956*** |
| ***2.*** | ***Ola Rangsæter*** | ***1967*** |
| ***3.*** | ***Ola Svein Sætre*** | ***1952*** |
| ***4.*** | ***Randulf Reite*** | ***1962*** |
| ***5.*** | ***Rune Kiperberg*** | ***1962*** |
| ***6.*** | ***Jon Petter Lied*** | ***1959*** |
| ***7.*** | ***Kjell Tore Aarstad*** | ***1958*** |
| ***8.*** | ***Per Johan Ramsli*** | ***1967*** |
| ***9.*** | ***Frank Vatne*** | ***1972*** |
| ***10.*** | ***Audun Kristian Høidal*** | ***1974*** |
| ***11.*** | ***Rune Aasen*** | ***1963*** |
| ***12.*** | ***Asbjørn Tore Humberset*** | ***1970*** |

| | | |
|---|---|---|
| *13.* | ***Espen Stray Helle*** | ***1981*** |
| *14.* | ***Egil Høydal*** | ***1966*** |
| *15* | ***Ivar Arne Lid*** | ***1975*** |
| *16.* | ***Svein Bjerkvik*** | ***1958*** |
| *17.* | ***Dag Ragnar Sætre*** | ***1957*** |
| *18.* | ***Lars Arne Muren*** | ***1967*** |
| *19.* | ***Atle Svellingen*** | ***1958*** |
| *20.* | ***Ulf Kristiansen*** | ***1963*** |
| *21.* | ***Egil Reite*** | ***1959*** |
| *22.* | ***Roar Berg*** | ***1943*** |
| *23.* | ***Børge Berg*** | ***1976*** |
| *24.* | ***Petter Haugen*** | ***1968*** |
| *25.* | ***Edvin Dale*** | ***1975*** |
| *26.* | ***Rolf Lillerovde*** | ***1958*** |
| *27.* | ***Robert Steinnes*** | ***1974*** |
| *28.* | ………………… | |
| *29.* | ………………….. | |
| *30.* | ………………….. | |

Meddommarar i tingretten vert valt for perioden 1.1.2017 til 31.12.2020. Krav til den som skal veljast er nedfelt i domsstollova §§ 70-72. Mellom anna må ein ha tilstrekkeleg norskkunnskap, vere personleg eigna for oppgåva og ha plettfri vandel. Nedre aldersgrense for å kunne veljast er 21 år og øvre er 70 år ved periodestart, dette betyr at dei som veljast må være født etter 31. desember 1946 og før 1. januar 1996. I tillegg må den som skal veljast ha stått i folkeregisteret i minst 3 år. Domstoladministrasjonen ber kommunane sørgje for at meddommarane vert representert i høve til innbyggarane i kommunen når det gjeld alder, etnisk bakgrunn og kultur.

Søre Sunnmøre tingrett treng 60 meddommarar frå Volda kommune. Det skal soleis veljast 30 kvinner og 30 menn.

Ingen kan veljast som meddommar til både tingretten og lagmannsretten, jf. domstollova § 68, 3. ledd. Lagrettemedlemmer og andre meddommarar er ikkje fritekne for val til jordskifteutvalet.

**Vurdering og konklusjon:**
Det må veljast 3 menn som meddommar i tingretten.

**Helse og miljøkonsekvensar:**
Ingen
**Økonomiske konsekvensar:**
Ingen
**Beredskapsmessige konsekvensar:**
Ingen

| | |
|---|---|
| Rune Sjurgard | Inger-Johanne Johnsen |
| Rådmann | sektorsjef kultur og service |

**Utskrift av endeleg vedtak:**
Servicekontoret for vidare arbeid

VOLDA KOMMUNE

# SAKSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Inger-Johanne Johnsen | Arkivsak nr.: | 2016/1281 |
| | | Arkivkode: | 033 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 15/16 | Valnemnda | 26.10.2016 |
| 133/16 | Kommunestyret | 27.10.2016 |

## MATHILDE M. SJØHELLE EIKSUND - FRITAK FRÅ POLITISKE VERV

**Administrasjonen si tilråding:**

1. **Mathilde M. Sjøhelle Eiksund får fritak frå sine politiske verv ut valperioden.**
2. **Som nytt medlem i driftsstyret blir ….. valt.**
3. **Som ny vara for fadder i ungdomsrådet blir…. valt.**
4. **Som ny vara for kommunal representant i Fairtrade vert …… valt.**

**Vedleggsliste:**
Ny søknad frå Mathilde M. Sjøhelle Eiksund av 05.10.16
K-sak PS 117/16 handsama i kommunestyret den 29.09.16
Oversikt over medlemer og varamedlemer i driftsstyret

**Uprenta saksvedlegg:**
Søknad om permisjon datert 26.07.16

**Saksopplysningar/fakta:**
Mathilde M. Sjøhelle Eiksund søkte først om permisjon frå politiske verv fordi ho studerer i Trondheim. Søknaden vart handsama i valnemnda den 15.09.16 der det vart vedtatt fylgjande tilråding til kommunestyret:

1. *Mathilde M. Sjøhelle Eiksund får permisjon frå sine politiske verv medan ho studerer i Trondheim.*
2. *Som nytt medlem i driftsstyret blir Inghild Liv Remøy valt. Som ny åttande vara vert Anne Natvig valt.*

3. *Som ny vara for fadder i ungdomsrådet blir Anne Natvig valt.*
4. *Som ny vara for kommunal representant i Fairtrade vert Åshild Vik valt.*

I kommunestyret den 29.09.16 vart det gjort vedtak om å utsetje saka, jf utskrift av saka som ligg ved.

Den 05.10.16 søkjer Mathilde M. Sjøhelle Eiksund om fritak frå politiske verv, ikkje permisjon som i fyrste søknad.
Ho skriv:

*Eg vil søke fritak frå vervet mitt som representant for Venstre i Driftstyret i Volda kommune. Beklager at forrige søknad var noko uklar, eg ønsker å søke om fritak, ikkje permisjon. Eg har flytta frå Volda for å studere ved NTNU i Trondheim. Studiet går over tre år, og det blir derfor vanskelig å leggje inn den innsatsen som trengst i Driftstyret. Eg håper dette er i orden og at nokon kan ta over plassen min.*

**Vurdering og konklusjon:**
Mathilde M. Sjøhelle Eiksund får innvilga fritak frå sine kommunale verv ut valperioden.

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

**Utskrift av endeleg vedtak:**
Mathilde M. Sjøhelle Eiksund
Dei som vert valde

Hei

Eg vil søke fritak frå vervet mitt som representant for Venstre i Driftstyret i Volda kommune. Beklager at forrige søknad var noko uklar, eg ønsker å søke om fritak, ikkje permisjon. Eg har flytta frå Volda for å studere ved NTNU i Trondheim. Studiet går over tre år, og det blir derfor vanskelig å leggje inn den innsatsen som trengst i Driftstyret. Eg håper dette er i orden og at nokon kan ta over plassen min.

Beste helsing
Mathilde M. S. Eiksund

# VOLDA KOMMUNE
## Servicekontoret

Administrasjonen

| *Arkivsak nr.* | *Løpenr.* | *Arkivkode* | *Avd/Sakshandsamar* | *Dato* |
| --- | --- | --- | --- | --- |
| 2016/1281 | 12192/2016 | 033 | SVK/ UNNISTRA | 17.10.2016 |

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - MATHILDE M. SJØHELLE EIKSUND - PERMISJON FRÅ POLITISK VERV**

Vi melder med dette frå at kommunestyret den 29.09.16, hadde føre ovannemnde som sak PS 117/16, der det vart gjort slikt vedtak:

***Saka vert utsett.***

Sakutgreiinga følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Unni Strand
sekretær
*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*


Postadresse: Stormyra 2 6100 Volda | postmottak@volda.kommune.no | Telefon: 70058886 | Telefaks: 7005870170058701 | www.volda.kommune.no | Org. nr: 939 760 946 | Bankgiro: 3991.07.81727

# SAKSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Unni Strand | Arkivsak nr.: | 2016/1281 |
| | | Arkivkode: | 033 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 11/16 | Valnemnda | 15.09.2016 |
| 117/16 | Kommunestyret | 29.09.2016 |

**MATHILDE M. SJØHELLE EIKSUND - PERMISJON FRÅ POLITISK VERV**

## *Handsaming i kommunestyret:*

Fride Schjølberg Sortehaug kom med fylgjande framlegg:

*Saka vert utsett.*

**Røysting**:
Framlegget frå Fride Schjølberg Sortehaug vart samrøystes vedteke.

## *Vedtak i Kommunestyret - 29.09.2016*

***Saka vert utsett.***

## *Handsaming i valnemnda:*

Åshild Vik kom med framlegg om *Anne Natvig* som nytt medlem i driftsstyret og *Anne Natvig* som vara for fadder i ungdomsrådet.

Hild Våge kom med framlegg om at 1. vara i driftsstyret, *Inghild Liv Remøy,* gjekk inn på fast plass, varalista rykte opp og at *Anne Natvig* gjekk inn på 8. varaplass.

Åshild Vik trekte framlegget sitt vedk. pkt. 2.

**Røysting:**
Pkt. 1 og 2 i tilrådinga med tillegget frå Hild Våge vart samrøystes vedteke.
Pkt. 3 i tilrådinga med tillegget frå Åshild Vik vart samrøystes vedteke.

Hild Våge kom med framlegg om å utsetje handsaming av pkt. 4.

**Røysting:**
Framlegget frå Hild Våge vart samrøystes vedteke.

Etter at møtet var heva opna valnemnda møtet att og tok oppatt sak 11/16 til vidare handsaming.

Arild Iversen kom med framlegg om *Åshild Vik* som ny vara for kommunal representant i Fairtrade.

**Røysting:**
Framlegget frå Arild Iversen vart samrøystes vedteke.

## *Tilrådinging i Valnemnda - 15.09.2016 til kommunestyret:*

1. ***Mathilde M. Sjøhelle Eiksund får permisjon frå sine politiske verv medan ho studerer i Trondheim.***
2. ***Som nytt medlem i driftsstyret blir Inghild Liv Remøy valt. Som ny åttande vara vert Anne Natvig valt.***
3. ***Som ny vara for fadder i ungdomsrådet blir Anne Natvig valt.***
4. ***Som ny vara for kommunal representant i Fairtrade vert Åshild Vik valt.***

**Administrasjonen si tilråding:**

1. *Mathilde M. Sjøhelle Eiksund får permisjon frå sine politiske verv medan ho studerer i Trondheim.*
2. *Som nytt medlem i driftsstyret blir ..... valt.*
3. *Som ny vara for fadder i ungdomsrådet blir.... valt.*
4. *Som ny vara for kommunal representant i Fairtrade vert …… valt.*

**Vedleggsliste:**
Oversikt over medlemer og varamedlemer i driftsstyret

**Uprenta saksvedlegg:**
Søknad om permisjon datert 26.07.16

**Saksopplysningar:**
I brev datert 26.07.16 søkjer Mathilde M. Sjøhelle Eiksund om permisjon frå vervet sitt som representant for Venstre i driftsstyret i Volda kommune. Ho skriv:

*«Eg vil søke permisjon frå vervet mitt som representant for Venstre i Driftstyret i Volda kommune. I haust flytter eg frå Volda for å studere ved NTNU i Trondheim. Studiet går over tre år, og det blir derfor vanskelig å leggje inn den innsatsen som trengst i Driftstyret. Eg håper dette er i orden og at nokon kan ta over plassen min.»*

I følgje kommunelova § 15, 2. ledd, kan *«kommunestyret etter søknad frita, for et kortere tidsrom eller resten av valgperioden, den som ikkje utan uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjøtte sine plikter i vervet»*
Av kommentarane til kommunelova § 15, 2. ledd, går det fram at fritaksgrunnen i første rekke må vere at arbeidsforhold, helsetilstand eller andre velferdsgrunnar for søkjaren, gjer at det vert ekstra byrdefullt å oppfylle pliktene som vervet medfører. Avgjerda vert såleis skjønnsmessig.

Eg legg til grunn at ho som student ikkje melder flytting frå Volda.

Suppleringsval skal skje frå den same gruppa som den som trer ut (jf. kommunelova § 16 nr 3), i dette tilfellet gjeld det senterpartiet, arbeiderpartiet, sosialistisk venstreparti og venstre si gruppe i driftsstyret.

Prinsippet om kjønnsmessig representasjon gjeld òg ved *utskifting* av medlemmer i driftsstyret i valperioden, jf. Kommunelova § 16 nr 3. Den nye medlemen skal kome frå det kjønn som er underrepresentert, dersom ikkje begge kjønn vil vere likt representert med minst 40 % etter utskiftinga. Reglane om kjønnsmessig representasjon skal føljast så langt det er mogleg (jfr. rundskriv H-4/11 frå Kommunal- og regionaldepartementet).

Åshild Vik er fadder i ungdomsrådet, medan Anne Natvig er kommunal representant i Fairtrade, medan Mathilde Sjøhelle Eiksund har vore valt som vara i desse to utvala.

**Vurdering og konklusjon:**
Mathilde M Sjøhelle Eiksund får innvilga sin søknad om permisjon frå sine kommunale verv så lenge ho studerer i Trondheim.

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

**Utskrift av endeleg vedtak:**

# DRIFTSSTYRET i Volda kommune 2015-2019 (oppdatert 13.11.15.bkk)

| Tlf.privat | Tlf.Arbeid | Representantar | Vararepresentantar | Tlf.privat | Tlf.Arbeid |
|---|---|---|---|---|---|
| | | **SP, AP,SV OG V** | | | |
| 91313572 | - | Rebekka Riise Bjerknes leiar (SP) | 1. Inghild Liv Remøy | 41429102 | 70075360 |
| 91569596 | 91883098 | Hild Våge (AP) n.leiar | 2. Anne Lise Fredly | 90772345 | |
| 40568613 | 70074220 | Uthman Abu Harbid (AP) | 3. Dag Aarflot | 99698046 | |
| 48350262 | | Alf Jakobsen | 4. Idar Andrè Flo V | 95762762 | |
| 90179559 | | Mathilde Eiksund | 5. Janne Heggvoll | 94276996 | 70075262 |
| | | | 6. Kaspar Selvik | 902 10 891 | |
| | | | 7. Lina Marie Bjørkedal | 991 69 926 | |
| | | | 8. Helge Standal | 48117302 | |
| | | | | | |
| | | | | | |
| | | **KRF** | | | |
| 90856914 | | Henning Holsvik | 1. Erlend Krumsvik | | |
| 70076990<br>40065317 | 70078960 | Inger Tove Bilsbakk Simonnes | 2. Kjell Petter Wiik | 90177297 | |
| | | | 3. Alinde Marie Bjørkedal | 90799420 | 70054265 |
| | | | 4. Margaret Theresa R. Kornberg | 70050253<br>40457473 | |
| | | | | | |
| | | **FRP** | | | |
| 91185755 | | Roald A. Espset | 1. Jenny Venås | 97168634 | |
| | | | 2. Eiliv Halkjelsvik | 95932530 | |
| | | | | | |
| | | **H** | | | |
| 91318342 | 70047000 | Per Svein Krøvel | 1. Ivar Otto Kristiansen | 48191348 | |
| | | | 2. Odd Martin Velsvik | 70078940<br>98236760 | 70055910<br>98236760 |

(F/service og kultur/servicekontoret/telefonar

## PS 134/16 Orienteringssaker

## Orienteringssaker

## OS 42/16 Rapport sjukefråvær 2.kvartal 2016

# VOLDA KOMMUNE
## Servicekontoret

Utskrift til:
Kommunestyret
Driftsstyret
Rådmannen si leiargruppe
Arbeidstakarorganisasjonane
Hovudverneombod

| *Arkivsak nr.* | *Løpenr.* | *Arkivkode* | *Avd/Sakshandsamar* | *Dato* |
|---|---|---|---|---|
| 2016/604 | 11215/2016 | 461 | SVK/ SONHAV | 26.09.2016 |

**RAPPORT SJUKEFRÅVÆR 2.KVARTAL 2016**

Vi melder med dette frå at arbeidsmiljøutvale den 22.09.2016, hadde føre ovannemnde som sak PS 18/16, der det vart gjort slikt vedtak:

***Arbeidsmiljøutvalet tek saka til vitande.***

Saksutgreiinga følgjer vedlagt.

Med helsing

Sonja Håvik
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Postadresse:
Stormyra 2
6100 Volda

postmottak@volda.kommune.no
Telefon:
Telefaks: 70058701

www.volda.kommune.no
Org. nr: 939 760 946
Bankgiro: 3991.07.81727

# SAKSDOKUMENT

| Sakshandsamar: | Birgitte Sævik Pedersen | Arkivsak nr.: | 2016/604 |
|---|---|---|---|
| | | Arkivkode: | 461 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 18/16 | Arbeidsmiljøutvalet | 22.09.2016 |

**RAPPORT SJUKEFRÅVÆR 2.KVARTAL 2016**

**Handsaming:**

**Røysting**:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet - 22.09.2016:**

***Arbeidsmiljøutvalet tek saka til vitande.***

**Administrasjonen si tilråding:**

*Arbeidsmiljøutvalet tek saka til vitande*

**Samandrag av saka**

HMS årshjulet for 2016 syner at vi skal ha fokus på sjukefråvær/nærvær i organisasjonan.

**Saksopplysningar:**

Tabellen nedanfor viser utvikling av sjukefråveret for månadane april til juni fordelt på sektor. Det syner også fråveret 2.kvartal 2016 samanlikna med same periode i fjor og samanlikna med 1. kvartal 2016.

| Sektor | April 2016 | Mai 2016 | Juni 2016 | 2.kvartal 2015 | 2.kvartal 2016 | 1.kvartal 2016 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Rådmannen (11) | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 2,46 | 0,00 | 0,00 |
| Samfunn og rådgjeving (12) | 33,00 | 30,27 | 33,00 | 0,35 | 32,00 | 31,89 |
| Personal og organisasjon (13) | 5,89 | 0,00 | 0,00 | 5,83 | 1,77 | 1,46 |
| Økonomi (14) | 3,18 | 11,08 | 4,81 | 7,54 | 6,79 | 7,29 |
| Opplæring og oppvekst (20) | 7,87 | 7,27 | 5,41 | 7,69 | 7,94 | 9,21 |
| Helse og omsorg (30) | 8,65 | 9,32 | 9,07 | 12,87 | 10,20 | 11,42 |
| Service og kultur (40) | 4,17 | 6,62 | 11,23 | 6,53 | 5,34 | 3,11 |
| Teknisk (50) | 9,78 | 11,65 | 9,10 | 10,22 | 10,74 | 11,48 |
| Sjølvkosttenester (51) | 11,90 | 3,80 | 4,55 | 0,53 | 4,22 | 1,62 |
| Utvikling (60) | 2,74 | 4,14 | 0,00 | 11,71 | 2,40 | 2,66 |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Barneverntenesta (70) | 10,24 | 8,91 | 9,03 | 11,84 | 9,40 | 9,40 |
| **Totalt** | **8,34** | **8,33** | **7,23** | **9,97** | **8,85** | **9,80** |

Dersom ein ser på det totale sjukefråveret for andre kvartal har vi ein nedgang frå fyrste kvartal 2016 på 9,7%, samanlikna med andre kvartal 2015 er nedgangen på 11,4%

Størstedelen av fråveret er framleis mellom 17 dagar og opp til tre månader.

Det er sett måltal for nærver i 2016 på 92 %.

Det er sett spesifikke måltal for dei ulike sektorane + dei to støtteavdelingane:

| Helse/oms | Oppvekst | Kultur/serv | Teknisk | Utvikling | Barnevern | Økonomi | Personal/org |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 90 % | 10 % red i høve 2015 | Ikkje definert mål | 95 % | 95 % | 90 % | 93,1 | Ikkje definert mål |

Prosentmålet er eit minimum. Raud markering viser sektorar som per andre kvartal ikkje er innanfor måltalet. Service- og kultur  og personal og organisasjon har ikkje definert mål for nærvær, men ligg lågt på fråværsstatistikken.

**Vurdering og konklusjon:**
Fråveret på arbeidsplassar med få tilsette gjev store utslag. Nokre sektorar er meir utsette enn andre med omsyn til kva arbeid som blir utført. Totalt sett er det svært positivt at fråveret i fyrste kvartal viser ein nedgang frå same periode i fjor.

Det er framleis viktig å ha tydeleg fokus på oppfølging av tilsette som er sjukmelde utover 17 dagar, då det er her hovudtyngda på fråveret er. Rådmannen har tru på at førebygging og målretta arbeid med oppfølging av sjukmeldte vil gje synlege resultat i tida som kjem.

Det har store konsekvensar å ha høgt sjukefråvær Dei sektorane som ikkje er innanfor eigne måltal, må har stor merksemd resten av året for å nå målet.

**Helse og miljøkonsekvensar:**
Auka nærvær vil avgjort ha positive verknader for arbeidsmiljøet og helsa til einskilde medarbeidar.

**Økonomiske konsekvensar:**
Lågt sjukefråvær har svært positive konsekvensar for økonomien. Det blir i tillegg betre kontinuitet i tenestene og mindre arbeid med å følgje opp sjukmelde og leige inn vikarar.

**Beredskapsmessige konsekvensar:**
Ingen

Rune Sjurgard
Rådmann

Berit Lyngstad
Personalsjef

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Kommunestyret
Driftsstyret
Rådmannen si leiargruppe
Arbeidstakarorganisasjonane
Hovudverneombod

**VOLDA KOMMUNE**

VEST KONTROLL
SEKRETARIAT FOR KONTROLLUTVAL

# MØTEPROTOKOLL

| | |
|---|---|
| **Utval:** | **Kontrollutvalet** |
| **Møtestad:** | **Møterom 137, Volda rådhus** |
| **Dato:** | **06.10.2016** |
| **Tid:** | **13.00-14.45** |

Faste medlemer som møtte:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|---|---|---|
| Ronald Hagen | Leiar | |
| Solfrid Førde | Nestleiar | |
| Ragnhild Folkestad | Medlem | |
| Bjørn Ytrestøyl | Medlem | |
| Jørgen Holte | Medlem | |

Faste medlemer som ikkje møtte:

| Namn | Funksjon |
|---|---|
| Inge Alexander Bruheim | Medlem |
| Torill Rødven Eide | Medlem |

Vara som møtte:

| Namn | |
|---|---|
| Ann Helen Sundalsfoll | For Torill Rødven Eide |

Frå Vest Kontroll møtte:

| Namn | Stilling |
|---|---|
| Jostein Støylen | Dagleg leiar |

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon møtte:

| Namn | Stilling |
|---|---|
| Alf Marius Grønnevik | Forvaltningsrevisor |

Frå kommuneadministrasjonen og politisk hald møtte:

| Namn | Stilling |
|---|---|
| Jørgen Amdam | Ordførar. I sak 22/16 |
| Rune Sjurgard | Rådmann. I sak 22/16 |

# SAKLISTE

| | |
|---|---|
| SAK 17/16 | GODKJENNING AV INNKALLING AV SAKLISTE. MØTEPROTOKOLLEN |
| SAK 18/16 | GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE |
| SAK 19/16 | GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2016 |
| SAK 20/16 | MELDINGAR |
| SAK 21/16 | BUDSJETT FOR KONTROLLUTVALET 2017 |
| SAK 22/16 | PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2016-2019 |
| SAK 23/16 | HØYRINGSUTTALE NOU 2016 – 4 – NY KOMMUNELOV |

## SAK 17/16 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLL

**Samrøystes vedtak**
1. Innkalling og sakliste vart godkjent.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vart vald Bjørn Ytrestøyl.
3. Kontrollutvalet ber om at medlemer som har lovleg forfall melder frå til Vest kontroll så tidleg som mogleg, slik at vara kan kallast inn, og får tid til å setje seg inn i sakene.

## SAK 18/16 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

**Vedlegg**
Møteprotokollen frå møtet den 04.05.2016.

**Samrøystes vedtak**
Møteprotokollen frå møtet den 04.05.2016 vart godkjent.

Ordførar og rådmann kom under sak 19/16. Ferdigbehandling av denne saka vart utsett. Ein behandla då sak 22/16 som rådmann og ordførar var innkalla til.

## SAK 19/16 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2016

Møteprotokollar som var til gjennomgang:

| | |
|---|---|
| Kommunestyret | 21.04, 26.05, 16.06, 28.06, 25.08, |
| Formannskapet | 19.04, 03.05, 10.05, 31.05, 07.06, 14.06, 21.06, 28.06, 16.08, 06.09, 20.09 |
| Driftsstyret | 13.04, 11.05, 01.06, 17.08, |
| Eldrerådet | 25.04, 29.08, 26.09 |
| Forvaltningsstyret | 12.04, 10.05, 14.06, 30.08, 13.09 |
| Ungdomsrådet | 20.04, 18.05, |
| Valnemnda | 19.05, 26.05, 15.09, |
| Kommunalt råd for funksjonshemma | 19.09 |
| Valstyret | |
| VØR styret | 04.04, 12.04, 31.05 |

**Samrøystes vedtak**
Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknad til gjennomgådde møteprotokollar.

## SAK 20/16 MELDINGAR

**Vedlegg**
1. Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS: *Openheitsrapport 2015*

**Saksutgreiing**

1. **<u>Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS:</u>**
   ***Openheitsrapport 2015.***

   Viser til Openheitsrapport 2015, s.2:

   «Revisorlova krev at revisor som reviderer årsrekneskapen til ålmennaksjeselskap, bankar o.l skal legge fram openheitsrapport årleg. Revisorlova gjeld ikkje for kommunalt eigde revisjonsselskap, og vårt selskap har derfor ikkje tilsvarande krav, men styret i Norges kommunerevisorforbund (NKRF) har anbefalt medlemsbedriftene å utarbeide denne type rapport. Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS har inngått avtale om dette med kontrollutvala i eigarkommunane.»

**Samrøystes vedtak**
Meldinga vart teken til orientering.

**SAK 21/16 BUDSJETT FOR KONTROLLUTVALET 2017**

**Saksopplysningar**
Budsjett for Vest kontroll – sekretariat for kontrollutval vert vedteke av styret for selskapet (samarbeidet). Dette budsjettvedtaket legg rådmannen inn i kommunebudsjettet. Sekretariatet er det utøvande lekk for kontrollutvalet.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet skriv mellom anna dette i Kontrollutvalsboka (2016):
«Det er avgjerande for godt kontrollarbeid at kontrollutvalsmedlemer blir sette i stand til å utøve vervet sitt på ein god måte: Kommunestyret bør sørge for at det er tilstrekkeleg budsjett til at kontrollutvalsmedlemmene kan delta på kurs og konferanser.»
«Kommunestyret er ansvarleg for at kontrollutvalsmedlemmene og varamedlemmene får tilstrekkeleg opplæring i sine kontroll- og tilsynsoppgåver.»
«Kontrollutvalet bør sørgje for at medlemmene (både faste og vara) får tilstrekkeleg opplæring. Det vil vere nyttig at utvalet held seg orientert om arrangement i regi av bransjeorganisasjonar og foreiningar, og sjølv tek initiativ til kurs medlemmene har trong for»
I tillegg til den grunnleggjande opplæringa er det viktig at kontrollutvalet held seg oppdaterte. Dette er ein kontinuerlig prosess som det må løyvast midlar til.

For å gi kontrollutvalet gode arbeidsvilkår må kommunestyret stille naudsynte ressursar til disposisjon. (Kontrollutvalsboka 2016:16) Difor må kontrollutvalet ha sitt eige budsjett som mellom anna skal dekkje opplæring, kurs/konferansar, litteratur m.m.
Dette gjer at kontrollutvalet må be kommunestyret om budsjett i 2017 pålydande kr. 40.000,-. Dette er same nivå som foregåande år,

Større særskilde tiltak/saker slik som gransking og større forvaltningsrevisjonar er halde utan om dette budsjettet. Her gjeld hovudregelen om at kontrollutvalet i førekant søkjer kommunestyret for å få løyvd nødvendige midlar.

Budsjettframlegget til kontrollutvalet kan berre endrast av kommunestyret.
«Grunnen til at budsjettet til kontrollutvalet er i ei særstilling, er at utvalet skal vere fritt og uavhengig av dei organa som utvalet skal kontrollere. Det er uheldig om administrasjonen eller eit organ som kontrollutvalet skal kontrollere og ha tilsyn med, til dømes formannskapet

eller administrasjonsutvalet, får innverknad på budsjettramma til tilsynsorganet. (Kontrollutvalsboka 2016:16)

Budsjettframlegget til kontrollutvalet skal uendra følgje det samla budsjettframlegget til kommunestyret, slik at kommunestyret ved budsjetthandsaminga har informasjon om både kontrollutvalet sitt framlegg og formannskapet si innstilling til budsjett.

**Samrøystes vedtak**
Kontrollutvalet ber kommunestyret løyve kr. 40.000,- til fri disposisjon for kontrollutvalet i budsjett for 2017. Leiar og møtegodtgjersle kjem i tillegg.

**SAK 22/16 PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2016-2019**
Ordførar og rådmann møtte i denne saka.

**Vedlegg**
1. Overordna analyse i Volda kommune 2016 – 2019. Utarbeida av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS.
2. Analyse av nøkkeltal frå statistisk sentralbyrå. Utarbeida av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS.

## Saksopplysningar

**Innhaldet i plan for forvaltningsrevisjon**
Heimelen for forvaltningsrevisjon følgjer av kommunelova (koml.) § 77 nr. 4, som fastset at kontrollutvalet skal sjå til *«at det blir gjennomført systematiske vuderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut frå kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger (forvaltningsrevisjon)..»*, jf. tilsvarande formulering i §9 første ledd i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar. Etter § 10 skal det *«minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunetyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon.»* Det er vidare fastsatt at kommunestyret vedtek planen.

**Formålet med forvaltningsrevisjon**
Hensikta med forvaltningsrevisjonen er blant anna å bidra til ein betre og meir effektiv kommunal forvaltning. Når det vert utført forvaltningsrevisjon, set ein fokus på økonomi og måloppnåing.

Ved utøving av forvaltningsrevisjon bidreg kontrollutvalet bl.a. til:
- Å påpeike forbetringsområder som bidreg til økt produktivitet og måloppnåing i tilhøve politiske vedtak og føresetnadar.
- Å bidra med informasjon til kommunens avgjerdstakarar som er til nytte for
  - Å styrke kommunestyrets grunnlag for styring
  - Kontrollutvalets tilsyn med forvaltninga
  - Leiinga si vurdering av moglegheiter for meir sparsom/økonomisk drift, økt produktivitet, større effektivitet og betre måloppnåing.
  - Rasjonell, målretta og kostnadseffektiv drift.

## Gjennomføring og rapportering av forvaltningsrevisjon

**Gjennomføring**
Etter at kommunestyret har vedtatt plan for forvaltningsrevisjon, vil kontrollutvalet sørgje for å bestille forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet vedtek problemstillingar, prosjektplan og ressursar, og om det i så fall skal gjennomførast foranalyse. Bestillinga sendast til Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS.

**Rapportering**
I tråd med forskrift om revisjon § 8 skal revisor rapportere fortløpande til kontrollutvalet om resultat av gjennomført forvaltningsrevisjon. Vidare er kontrollutvalet pålagt ansvar for å rapportere til kommunestyret. Med mindre kommunestyret vedtek spesielle føresegn for når og korleis rapporteringa skal gå føre seg, er det opp til kontrollutvalet å finne ein tenleg form og frekvens på dette. Rapport og resultat frå det enkelte forvaltningsrevisjonsprosjekt leggjast fortløpande fram for kommunestyret.

## Prioriteringar i denne perioden

**Generelt**
Overordna analyse er basert på innsamla informasjon og statistikk for Volda kommune, dessutan revisors erfaringar, tidlegare analyse/plan og tidlegare prosjekt. Vi viser til den overordna analysen (vedlagt saka) for nærare opplysingar. På bakgrunn av denne analysen leggjast det opp til val av forvaltningsprosjekt basert på risiko- og viktigheit (jf. vedlegg). Eit prosjekt blir bl.a. iverksett for å bidra til å redusere ein mogleg trussel. I tillegg vil dette vere prosjekt som skal fokusere på ein målretta, rasjonell og kostnadseffektiv drift. Ved ein konkret utveljing av prosjekt bør nytteverdien vurderast i tilhøve forventa ressursbruk for å gjennomføre prosjektet.

Ved utforminga av eit prosjekt vil kontrollutvalet avgrense temaet slik at prosjektet blir konkret og gir kontrollutvalet dei nødvendige opplysingar for deira kontroll med kommunen.

**Gjennomførte forvaltningsrevisjon siste planperiode**
2012: Vedlikehald av bygg
2013: Økonomistyring og budsjettoppfølging
2014: Innkjøp
2015: Spesialundervisning i grunnskulen
2016: Barnevern – tilsynsførarordninga

**Prioriteringar av forvaltningsrevisjonar 2016-2019**
I oversikta under er det foreslått forvaltningsrevisjonar ut frå dei opplysingane som føreligg.

Generelt ut frå dei ressursane som er tilgjengeleg er det mest realistisk å forvente at det kan gjennomførast rundt tre til fire prosjekt for 2016-2019.

Viser til side 50 frå Overordna analyse i Vola kommune 2016-2019.

Nedanfor går det fram oversikt over aktuelle forvaltningsprosjekt som kan vere aktuelle, og som kontrollutvalet kan ta utgangspunkt i, når dei legg sin plan for forvaltningsrevisjon i komande periode. Oversikta er utarbeida med bakgrunn i årsmelding/årsrapportar, spørjeundersøking, rekneskap, KOSTRA, fylkesmannen sine vurderingar og revisjonen sine eigne vurderingar (ikkje prioritert rekkefølgje):

**Sentraladministrasjon (side 16 i vedlegg 2, jf. side 20)**
- Økonomistyring og budsjettoppfølging
- Kvalitet på den økonomiske rapporteringa
- Ressursbruk administrasjon

**Grunnskule /PPT (side 21 i vedlegg 2, jf. side 31)**
- Tidleg innsats
- Spesialundervisning (gjennomført i 2015, oppfølging på dette prosjektet er kontrollutvalssak 23/16)
- Utredningskapasitet og førebyggjande arbeid i PP-tenesta

**Barnevernstenesta (side 21 i vedlegg 2, jf. side 31)**
- Sakshandsaming i barnevernstenesta (behandling av meldingar og gjennomføring av undersøkingar)
- Oppfølging av born med tiltak
- Oppfølging av born ved omsorgsovertaking

**Barnehagar (side 21 i vedlegg 2, jf. side 31)**
- Tidleg innsats/samarbeid med PPT

**Teknisk (side 32 i vedlegg 2, jf. side 38)**
- Sjølvkost vatn og avløp
- Sakshandsaming byggjesaker (plan og bygningslova)
- Forvaltning drift og vedlikehald av kommunale bygg
- Vasskvalitet /Reservevasskjelde/ Avbruddstid

**Helse/ Pleie og Omsorg (side 39 i vedlegg 2, jf. side 47)**
- Kvalitet/tenestetilbod helsestasjon/psykiatri
- Overtid/vikarbruk
- Kvalitet/avviksrapportering
- Sakshandsaming/vedtaksoppfølging (heimebasert omsorg)
- Økonomisk sosialhjelp

**Generelt (side 16 i vedlegg 2, jf. side 20)**
- Overtid og vikarbruk (sektor/teneste/avdeling?)
- Innkjøp/anbodsprosess (oppfølgingsprosjekt?)
- KOSTRA-analyse (sektor/teneste/avdeling?)
- Sjukefråvær (sektor/teneste/avdeling?)

Det er viktig å gjere merksam på det  ikkje er mulig å utføre alle prosjekta i planperioden (maks eit prosjekt årleg), og det kan vere at det viser seg undervegs at det er viktigare å prioritere utføring av andre prosjekt enn dei som er sette opp i planen.  Då bør kontrollutvalet, som tidlegare, få fullmakt til å gjere endringar.

Sekretariatet vil ikkje kome med forslag til prioritering av dei ulike forvaltningsrevisjonsprosjekta, og meiner dette er ei oppgåve kontrollutvalet sjølve må gjere i møtet.
Kontrollutvalet kom i møtet med prioritering slik det går fram i innstillinga i pkt. 1.

**Samrøystes innstilling**

1. Kommunestyret vedtek å prioritere flg. prosjekt for utføring i planperioden 2016 - 2019:
   - Teknisk drift – organisering
   - Kostnadsanalyse institusjonar og heimebasert omsorg
   - Kvalitet/tenestetilbod rus og psykiatri
   - Sjølvkost vatn og avløp
   - Barnevern
   - PPT. Utgreiingskapasitet og førebyggande arbeid
   - Kostnadsanalyse sentraladministrasjonen.

2. Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å leggje til nye prosjekt og/eller endre prioriteringa i perioden.
3. Kommunestyret vedtek at betaling for utførte prosjekt vert dekka inn i den årlege betalings-/tilskotsordninga til kommunen sin revisjon. Dersom andre utfører forvaltningsrevisjon på grunn av habilitetsomsyn, kapasitetsomsyn eller kompetanse, vert betaling å avgjere i det enkelte tilfelle (jf. lov om off. innkjøp).
4. Kommunestyret vedtek at denne planen for forvaltningsrevisjon gjeld inntil ny plan ligg føre.

## SAK 23/16 HØYRINGSUTTALE NOU 2016 – 4 – NY KOMMUNELOV

**Vedlegg**

1. Høyringsuttale NOU 2016 – 4 – Ny kommunelov. Utarbeidd av sekretærforum for kontrollutvalssekretariata i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane.
2. NOU 2016: 4 – Ny kommunelov, kap.25.
   Sjå elles link nedanfor:
   NOU 2016: 4 – Ny kommunelov. Utredning fra et utvalg oppnevnt ved kongelig resolusjon 21. juni 2013. Avgitt til Kommunal- og moderniseringsdepartementet 10. mars 2016.
   https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2016-4/id2478743/?ch=2
   (Lasta 15.09.2016)

**Saksopplysningar/saksutgreiing**

Det er i gang arbeid med ny kommunelov. Som bakgrunn for at dette arbeidet er i gang heiter det frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet:
*«Det er 20 år siden kommuneloven trådte i kraft (1. januar 1993). Loven har blitt endret en rekke ganger, men det har ikke vært noen gjennomgripende revisjon av loven i de 20 årene den har virket. Flere trekk ved samfunnsutviklingen gjør det ønskelig med en samlet gjennomgang. Kommunene og fylkeskommunene har fått flere oppgaver, og organiseringen av kommunal og fylkeskommunal virksomhet og bruken av ulike styringsverktøy, herunder avtaler, har blitt mer kompleks. Internasjonale forpliktelser har fått økt betydning for kommunenes og fylkeskommunenes virksomhet, uten at det er gjort noen samlet vurdering av disse. Det har videre gjennom årene utviklet seg en betydelig praksis knyttet til lovens bestemmelser, og det kan være grunn til å foreta en samlet gjennomgang av denne praksisen for å avdekke uklarheter i dagens lov, spørsmål som bør reguleres, og spørsmål som bør reguleres på en annen måte enn i dag.»* (Regjeringen.no)

I høve arbeidet med ny kommunelov vart det oppnemnt eit kommunelovutval ved kongelig resolusjon 21. juni 2013.
Ved Stortinget si behandling av Prop. 119 L. (2011–2012) Endringar i kommunelova m.m. (eigenkontroll mv.) uttalte ein samla Kommunal- og forvaltningskomité i Innst. 128 L (2012–2013) at: *«Komiteen ser behov for ein heilskapleg gjennomgang av kommunelova for å styrkje det kommunale sjølvstyret, og ber regjeringa kome tilbake til Stortinget på eigna måte.»*

Kommunelovutvalet fekk fylgjande mandat: *«Utvalgets utredning og samlede gjennomgang av kommuneloven skal danne grunnlag for regjeringens tilbakemelding til Stortinget.» (Regjeringen.no)*

Når det kjem til kommunelovutvalet sitt mandat til arbeid med utredning av særlige spørsmål, heiter det i punkt 3.7 Egenkontroll:
*«Utvalget skal vurdere tiltak for å styrke den kommunale egenkontrollen. Det skal i den forbindelse vurdere:*

- om det er behov for nærmere krav til forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.
- bestemmelsene om internkontroll. I den forbindelse kan utvalget vurdere om eksisterende bestemmelser om internkontroll i spesiallovgivningen bør oppheves og eventuelt innarbeides i ny kommunelov, eller erstattes av nye bestemmelser i kommuneloven.
- om det bør fastsettes regler for høring i regi av kontrollutvalget.
- revisjonsmandatet, særlig om omfanget av etterlevelsesrevisjon bør styrkes, samt om det bør innføres sertifiserings- og tilsynsordninger for revisor.
- om kommunestyret skal ha plikt til å følge opp revisors merknader.
- om det bør fastsettes regler om innsynsrett for kommunen når andre enn kommunalt heleide selskaper mv. utfører oppgaver/tjenester for kommunen.
- om det bør innføres regler om kommuners eierstyring av virksomhet som foregår i kommunale foretak, selskaper, samarbeid mv., for eksempel krav til eiermelding.
- om det bør innføres en regel om at kontrollutvalgets leder ikke kan være fra samme parti som ordføreren.
- reglene for valgbarhet til kontrollutvalget (ansatte i små stillingsbrøker, bostedskriteriet mv.)»

(Vidare om kommunelovutvalet sitt mandat og arbeid viser ein til NOU 2016:4 – Ny kommunelov.)
Det som særleg vedkjem kontrollutvalet står omtala i kap.25 Kontrollutvalget og kontrollutvalgssekretariatet (side 313) og kap.26 Revisjon (side 324).
Ein kunne gått inn i dei einskilde punkta i desse kapitla i høve ein høyringsuttale, men rår til å fokusere på det viktigaste punkta. Slik ein ser det er det kommunelovutvalet si utredning i pkt. 25.3.4.2. sekretariatets oppgåver (vedlegg 2) som har størst betydning.
I NOU 2016: 4 Ny kommunelov finn ein i kap.25, pkt. 3.4.2 sekretariatets oppgåver finn ein m.a. fylgjande formulering: «Etter utvalgets mening har sekretariatet ikke anledning til å innhente informasjon og vurdere denne opp mot et regelverk, vedtak e.l. Dette vil etter utvalgets forslag være å utføre revisjon, og dermed en oppgave for revisor.»

Sekretærforum for kontrollutvalssekretariata i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane består av sekretariata for alle kontrollutvala i Møre og Romsdal, sekretariata for kontrollutvala i 17 kommunar i Sogn og Fjordane samt kontrollutvalssekretariata i begge fylkeskommunene.
Sekretærforumet har behandla NOU 2016: 4. **Sekretærforumet meiner at kontrollutvalet sin funksjon vert svekka om ein reduserer sekretariatet sitt arbeid med å påsjå at sakene i utvalet er forsvarleg utgreidd. I dette arbeidet har sekretariata i dag ei viktig rolle.**
Sekretærforum for kontrollutvalssekretariata i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane har utarbeidd ein høyringsuttale (vedlegg 1).

Vi har lagt den til grunn i forslag til uttale om ny kommunelov frå kontrollutvalet.

**Samrøystes uttale**
Kontrollutvalet meiner at forslaget i kap. 25.3.4.2 der det heiter at: «*..har sekretariatet ikke anledning til å innhente informasjon og vurdere denne opp mot et regelverk, vedtak e.l.*», er svært uheldig. Ved å redusere sekretariatet sitt ansvar for å påsjå at sakene i utvalet er forsvarleg utgreidd, vil ein svekke kontrollutvala sin funksjon At slike oppgåver ligg til sekretariatet er heilt avgjerande for bestiller-utfører modellen i kontroll- og tilsynsordninga vi har i dag.
Sekretariatet for kontrollutvalet har tre hovudoppgåver. Dei tre oppgåvene er utgreiar, sakshandsamar og administrator. Ved å gå inn for at sekretariatet ikkje kan gjere vurderingar opp mot lover og reglar, avgrensar utvalet sekretariatet si rolle til berre å vere administrator. Dette vil svekke det kommunale sjølvstyret innanfor kontroll og tilsyn. Det er alvorleg.
Kontrollutvalet vil difor gjere det tydelig ovanfor departementet at vi ikkje støttar formuleringa i kap. 25.3.4.2:
*"Etter utvalgets mening har sekretariatet ikke anledning til å innhente informasjon og vurdere denne opp mot et regelverk, vedtak e.l. Dette vil etter utvalgets forslag være å utføre revisjon, og dermed en oppgave for revisor."*

Dette er ei formulering som gir ein så vid definisjon av omgrepet revisjon at det ikkje gir meiningbi høve det som reelt ligg i definisjonen av revisjon slik den er definert gjennom nasjonale og internasjonale standardar. Ein kan ikkje sjå kvifor utvalet då legg opp til å skulle utvide revisjonsomgrepet i kommunelova.
Kontrollutvalet må sjølv kunne vurdere korleis oppgåver som ikkje fell inn under ein meir presis definisjon av revisjon, skal utførast og kven som skal utføre desse oppgåvene. Eksempelvis er eigarskapskontroll ei oppgåve som kontrollutvalet kan be sekretariatet eller andre kompetente organ om å utføre.

Kommunelovutvalet sitt syn vil i tillegg svekke kontrollutvalet sitt ansvar med å påsjå at kommunen har ein forsvarleg revisjon. Dette er i dag ei av dei viktigaste rollene til sekretariata.

Kontrollutvalet ser det som avgjerande at kontrollutvalssekretariatet vert oppretthalde som eit organ med kompetanse til å utføre oppgåver som utgreiar, sakshandsamar og administrator. Det bør vere krav i lov eller forskrift om minst ein tilsett med tre års høgare utdanning i eit kontrollutvalssekretariat.

Møtet slutt.

Ronald Hagen　　　　　　　　Bjørn Ytrestøyl

**Møteprotokollen går til:** **Kommunestyret som melding**
**Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte**

**PS 135/16 Delegerte saker frå avdelingane**

**Delegasjonssaker frå avdelingane**

**DS 159/16 Ferdigattest, bustad Gbr 3/35**

**DS 160/16 Mellombels bruksløyve Gbr 11/75**

**DS 161/16 Ferdigattest, garasje Gbr 11/102**

**DS 162/16 Mellombels bruksløyve Gbr 11/107**

**DS 163/16 Ferdigattest, bustad Gbr 17/172**

**DS 164/16 Løyve til tiltak, parkeingsplass Gbr 19/451**

**DS 165/16 Ferdigattest, tilbygg Gbr 19/560**

**DS 166/16 Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 19/757**

**DS 167/16 Løyve til tiltak, tomannsbustad Gbr 20/604**

**DS 168/16 Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 30/46**

**DS 169/16 Mellombels bruksløyve Gbr 59/16**

**DS 170/16 Løyve til tiltak, riving og oppatbygging av hytte Gbr 107/2**

**DS 171/16 Løyve til tiltak, garasje Gbr 123/2**